

SPK

STATENS
PENSJONSKASSE

ÅRSRAPPORT FRÅ 2018



Innhald



Kapittel 1 MELDING FRÅ LEIAREN	1	Melding frå leiaren	side 4
Kapittel 2 Introduksjon	2.1	Statens pensjonskasse i samfunnet	side 7
	2.2	Viktige hendingar	side 8
	2.3	Statens pensjonskasse i tal	side 10
	2.4	Leiinga	side 12
	2.5	Slik jobbar vi	side 13
Kapittel 3 Årets aktivitetar og resultat	3.1	Samla vurdering av aktivitetar, resultat og ressursbruk	side 16
	3.2	Resultat i 2018	side 18
	3.3.1	Utgreiing om pensjon	side 20
	3.3.2	Utgreiing for personskadeforsikring	side 28
	3.3.3	Utgreiing om lån	side 31
	3.3.4	Andre aktivitetar og tiltak	side 33
Kapittel 4 Styring og kontroll	4.1	Styring og kontroll	side 38
Kapittel 5 Vurdering av framtidsutsikter	5.1	Når ei samfunnsreform treffer ein teknologisk revolusjon, gjeld det å halde hovudet kaldt	side 41
Kapittel 6 Årsrekneskap	6.1	Rekneskap for Statens pensjonskasse	side 45
	6.2	Rekneskap for Jernbanens Pensjonskassefond	side 73
		Statistikk	side 78
		Vedlegg: Oppfølging av arbeidskriminalitet	side 80
		Vedlegg: Vårt bidrag til inkluderingsdugnaden	side 81
		Vedlegg: Revisjonsmeldingar	side 82

Kapittel 1:

Melding frå leiaren



Melding frå leiaren

→ 2018 blir eit merkeår i historia vår. 3. mars blei det inngått ein avtale mellom staten ved Arbeids- og sosialdepartementet og partane i arbeidslivet.

Avtalen inneber den største endringa i hovudytninga vår – alderspensjon – sidan Statens pensjonskasse blei etablert i 1917. Dette er ei reform vi er særst godt nøgde med.

Gjennomføringa av avtalen vil vere den største utfordringa for oss dei kommande åra. Reformarbeid vil prege framtida vår, og reformarbeidet har prega oss i 2018.

Ein balansegang

Vi har – og vil få – utfordringar langs fleire dimensjonar: IT-systema som må endrast, vil krevje store investeringar innanfor knappe tidsrammer. Samtidig som vi gjennomfører store prosjekt, skal den daglege drifta vår vere effektiv og god. Det krev at vi balanserer godt og prioriterer riktig.

Avtalen inneber at det blir fleire variantar av alderspensjon for ulike medlemsårskull. Det krev at vi må satse mykje på å tilpasse informasjonen vår til dei ulike behova



«Vi har – og vi vil få – utfordringar langs fleire dimensjonar. Det krev at vi balanserer godt og prioriterer riktig.»

medlemmane våre har. Investeringane vi gjorde i 2018, og investeringane vi skal gjere framover, er i stor grad «må»-investeringar. Samtidig har vi ambisjonar om at vi skal utnytte moglegheitene dei store investeringane gir, til å forbetre tenestene våre for brukarane.

Første året med pensjonsprogrammet Pro 25

Implementeringa av reforma er organisert i eit eige program med fleire delprosjekt og fasar. Alt skal vere gjennomført innan 2025 – derfor kallar vi pensjonsprogrammet vårt Pro 25.

Den første fasen av programmet starta opp på nyåret med vekt på å gjere SPK i stand til å handtere nye samordningsreglar for årskulla 1954 til 1962. Programmet har komme godt i gang og er i hovudsak i rute når det gjeld både framdrift, kostnad og kvalitet.

Regelendringane treffer alle delar av verksemda vår. I tråd med SPKs utviklingsstrategi betyr det at både forretningsområda og støtteområda våre er sterkt involverte i dei ulike utviklingsprosjekta i Pro 25. Prosjektarbeidet skjer ved sida av daglege driftsoppgåver, og vi ser at det kontinuerlege forbetningsarbeidet i linja derfor har hatt lågare prioritet i 2018. Likevel har vi levert gode resultat.

Resultat i 2018

Samla sett har det resultatmessig vore eit særst tilfredsstillande år både for den daglege drifta og for utviklingsprosjekta våre.

I alt vesentleg har vi innfridd både departementet sine krav i tildelingsbrevet og SPKs interne mål.

- Vi har innfridd krava til utbetaling av ytingar og krava til fastsetjing og innkrevjing av premie.
- Vi har høg kunde- og medlemstilfredsheit. 82 prosent av medlemsverksemdene våre og 79 prosent av medlemmane våre er godt nøgde med oss.
- SPK skårar høgt i omdømmeundersøkingar i offentleg sektor – topp 10. Vi hadde framgang i omdømmemålinga i 2018, etter at vi opplevde eit fall i undersøkinga i fjor.
- Utvida låneramme i tariffoppgjeret i mai 2018 førte til ein stor auke i talet på lånesøknader, og behandlingstida blei for lang. Vi har sett i verk tiltak for å auke saksbehandlingskapasiteten.
- Dei økonomiske resultatane er gjennomgåande gode. På **driftssida** blei resultatkravet på 18,2 millionar kroner oppnådd, vi finansierte investeringar for 75 millionar kroner og sette av 23,8 millionar kroner til reguleringsfondet. Vi har framleis god kostnadskontroll, sjølv om reformperioden vi går inn i no, skaper eit forsterka kostnadspress.

Premieinntekter og utbetalingar til **pensjon** har auka med høvesvis 8,9 og 4,4 prosent. Dei viktigaste forklaringane bak dette er lønnsvekst, justering av G-beløpet og auke i talet på aktive og pensjonistar.

Samla optente pensjonsrettar for dei ordningane SPK administrerer, har auka med 4 prosent til 551 milliardar kroner.*

I **låneordningane** har samla utlån felle med 13,1 prosent

* Sjå rekneskapsnote 10 for fordeling på dei enkelte ordningane og kva som inngår i rekneskapsnotane til SPK.

til 42,7 milliardar kroner. Nedgangen har bremsa noko jamført med 2017, som følge av utvida låneramme og gunstig renteutvikling i forhold til marknaden.

Styring, kontroll og tryggleik

SPK har god styring og kontroll på verksemda og fekk rein revisjonsmelding frå Riksrevisjonen.

Gjennom året har vi gjennomført fleire internrevisjonsaktivitetar, blant anna gjennomgang av innkjøpsprosessen, varslingsordninga vår og avgjerdsprosessane våre. Konklusjonen til internrevisoren er at SPK har eit modent og godt regime for internkontroll, og at det er på plass planverk, budsjett, styringsdokument og rapporteringar som dekkjer breidda av organisasjonen.

Vi vurderer **tryggleikssituasjonen i SPK** som tilfredsstillande og relativt uforandra jamført med føregåande år. SPK gjennomfører kontinuerleg større og mindre tiltak for å forbetre tryggleiken. Samtidig ser vi ei stadig endring i trusselbildet, og krava til tryggleik er blitt strengare. Vi meiner det er ein tilfredsstillande balanse mellom dei forbetningsbehova vi har sett, og dei tiltaka vi har gjennomført.

Som i året før var mykje av tryggleiksarbeidet i 2018 retta mot å tilfredsstillast krava i den nye personopplysningslova og dei konsekvensane GDPR (General Data Protection Regulation) har for saksbehandling og systemløyserar i SPK. Ei rekke tiltak er gjennomførte i løpet av året for å bringe system og prosessar i tråd med nytt lovverk. SPK hadde ingen alvorlege eller kritiske hendingar knytte til personvern eller informasjonstryggleik i 2018.

Organisasjonen

Dei gode resultatane i 2018 kjem i stor grad av to innsatsfaktorar: kompetansen, innsatsen og engasjementet til dei tilsette kombinert med ein moderne IT-systempark.

I 2018 har vi jobba målretta for å få ned sjukefråværet. Det har gitt gode resultat. Det samla sjukefråværet er redusert frå 5,8 prosent i 2017 til 5 prosent i 2018 – ein nedgang på 14 prosent. Det legemelde sjukefråværet var 3,3 prosent.

Ei medarbeidarundersøking i januar 2019 viser dessutan at vi har ein organisasjon som skårar høgt på engasjement og gjennomføringsevne. Samtidig går det fram av undersøkinga at dei tilsette opplever at dei får god støtte i arbeidet, frå både kollegaer og leiinga.

Dette er viktige føresetnader for å levere gode resultat og viktig for arbeidsmiljøet generelt. Det er dessutan god ballast å ha med seg inn i ei utfordrande framtid.

Finn Melbø

Administrerende direktør

Kapittel 2:

Introduksjon



Statens pensjonskasse i samfunnet

→ **Statens pensjonskasse forvaltar pensjonsrettane til drygt éin million medlemmar. Vi skal samtidig vere ein trygg, føreseieleg og kostnads-effektiv samarbeidspartnar for kundane våre (medlemsverksemdene).**

SPK er ei forvaltningsbedrift under Arbeids- og sosialdepartementet. Hovudoppgåva vår er å administrere tenestepensjonar etter lov om Statens pensjonskasse. Det vil i hovudsak seie tenestepensjonsordningar for tilsette i staten, skuleverket og selskap som er eller har vore tilknytte det offentlege.

Blant dei største kundane våre finn vi Forsvaret, politiet og skulesektoren. SPK administrerer vidare særskilde pensjonsordningar for blant anna Den Norske Opera & Ballett, stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemmar, Sametinget og følgjersonar i utanrikstenesta. Vi administrerer òg Pensjonsordninga for apotekverksemd, og vi forvaltar pensjonsordninga sitt fond på 9,8 milliardar kroner. Ut over tenestepensjon administrerer SPK den statlege yrkesskade- og gruppelivsordninga, statens bustad-lånordning og andre tilleggsprodukt.

Samfunnsoppdraget er nedfelt i lov om Statens pensjonskasse, og oppgåvene våre er definerte i instruks og det

årlege tildelingsbrevet frå fagdepartementet vårt. Tildelingsbrevet for 2018 inneheld fem overordna mål:

- betale ut rett yting til rett tid
- fastsetje og krevje inn rett premie til rett tid
- sjå til at tenester og informasjon er tilpassa behova til medlemsverksemdene og medlemmane
- sørge for effektiv drift
- sørge for god gjennomføring av reformer

Det siste punktet er særleg knytt til innføring av det nye samordningsregelverket, som blei vedtatt i 2018, og innføring av ny offentlig tenesteperson, som truleg blir vedtatt i 2019. I tildelingsbrevet for 2018 blir det i tillegg presisert at SPK, til liks med andre offentlege verksemdar som kjøper inn varer og tenester, har eit særleg ansvar for å motverke arbeidslivskriminalitet. SPK skal òg vere med på den statlege inkluderingsdugnaden, som går ut på å hjelpe personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en inn i arbeidslivet. [Les meir om dette i kapittel 4](#) og i eige [vedlegg](#).

Generelt skal SPK legge vinn på å ha godt omdømme og høg tillit i samfunnet og samarbeide med andre verksemdar og aktørar for å bidra til å nå måla. Vi skal bruke digitalisering som verkemiddel i drifta vår der det er formålstenleg, og vi skal bidra til å skape gode digitale fellesløysingar som effektiviserer drifta og styrker samhandlinga i statsforvaltninga.

Medlemmane og verksemdene

Medlemmane våre skal ha riktig utrekna pensjon og forsikringsytingar – til rett tid. Vi har også ansvar for å skape gode informasjonstenester, slik at medlemmane får hjelp til å forstå sine eigne rettar og valmoglegheiter.

Kundane våre skal ha rett faktura til rett tid og hjelp til å bruke fordelane ved SPK-medlemskap som eit middel til å halde på og tiltrekke seg verdifull arbeidskraft. Verksemdene forventar at SPK leverer gode tenester og er ein profesjonell og moderne aktør i pensjonsmarknaden.

Staten og fagdepartementet vårt

SPK er ein fagleg rådgivar i pensjonsspørsmål, og vi skal bruke den faglege spisskompetansen vår til å gi råd i utforming av reformer og utviklingsarbeid. Det betyr også at vi utnyttar den store medlemsmassen til å levere gode tenester til lågast mogleg kostnad.

SPK har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere behov for regelverksendringar og gi melding om dette til departementet.

Utbetaling og endring av pensjonar krev samordning med folketrygda (NAV) og med andre leverandørar av offentlig tenestepensjon.

Viktige hendinger i 2018



JANUAR

- NSB lukka pensjonsordninga si som konsekvens av at regjeringa vedtok at jernbanen skal konkurranseutsetjast.

FEBRUAR

- Arbeids- og sosialdepartementet og partane i arbeidslivet starta forhandlingane om ny offentlig tenestepensjon.
- I SPK starta vi implementeringa av nye samordningsreglar basert på det vi på den tida var kjente med.

MARS


- Natt til 3. mars blei Arbeids- og sosialdepartementet og partane i arbeidslivet samde om ein ny avtale om ny pensjonsløyning for offentlig sektor. Dette var ei historisk hending, og årets viktigaste hending på pensjonsfeltet.

APRIL

- Regjeringa la fram forslag til reglar for korleis offentlig tenestepensjon skal samordnast med folketrygda for dei som er fødde i 1954 og seinare.
- EØS-landa fekk utsett fristen for å innføre EUs nye personvernforordning (GDPR) til 20. juli.

MAI

- Onsdag 23. mai blei det klart at medlemmane i Unio, LO og YS stemte ja til avtalen om ny offentlig tenestepensjon.
- Ramma for bustadlån i SPK blei utvida frå 1,7 til 2 millionar kroner som eit resultat av tariffoppgjeret i staten.



Dei to viktigaste hendingane i 2018 dreidde seg om regelverk:

- Nye samordningsreglar for årskulla fødde frå 1954 og yngre blei vedtatt i juni.
- Regelverket for ny offentlig tenestepensjon blei sendt ut på høyring i oktober.

JUNI

- Akademikarane sa ja til avtalen om ny offentlig tenestepensjon. Arbeids- og sosialminister Anniken Hauglie sa at høyringsnotat ville komme til hausten.
- Dei nye samordningsreglane for årskulla fødde frå 1954 og seinare blei vedtatt. Reglane seier korleis offentlig tenesteperson skal samordnast med den nye folke-trygda, som kom i 2011.
- I SPK stengde vi pensjonskalkulatoren på spk.no for alle årskull fødde i 1959 og seinare. Dette skjedde same dagen som dei nye samordningsreglane blei vedtatt, fordi det dermed eksisterte eit regelverk som kalkulatoren ikkje tok omsyn til. Vi meinte at informasjonen kalkulatoren gav, blei så feil at det ville vere direkte feil-informasjon å halde han open. Kalkulatoren vil bli opna for nokre grupper i januar 2019 og for fleire utover året.

JULI

- Den 20. juli tok EUs nye personvernforordning, GDPR, til å gjelde.
- SPKs bustadlansrente gjekk ned til 2,08 prosent.

AUGUST

- I SPK opplevde vi ein kraftig auke i mengda søknader om bustadlån. Vi går ut frå at det er ein verknad av tariffoppgjeret i mai, som førte til at låneramma blei utvida frå 1,7 til 2 millionar kroner.

OKTOBER

- Regjeringa føreslo å opprette ei tilskotsordning for å dekke historisk grunngitte pensjonskostnader for ideelle og andre verksemder som har levert lovpålagde spesialhelsetenester og statlege barnevernstenester.
- Arbeids- og sosialdepartementet sende lovforslag om ny offentlig tenestepensjon ut på høyring

DESEMBER

- Det regjeringsoppnemnde IKT-tryggleiksutvalet leverte utgreiinga si til Justis- og beredskapsdepartementet. Utvalet tilrår blant anna at vi får ei ny lov om IKT-tryggleik for samfunnskritisk verksemd og offentlig forvaltning.
- Som teknologibedrift er vi opptatt av IKT-tryggleik, og internt i SPK hadde vi ei varslingsøving som ein del av det kontinuerlege beredskapsarbeidet.

Nøkkeltal

for pensjonsordningane Statens pensjonskasse administrerer

Medlemsverksemdar og medlemmar		2018	2017	2016
Medlemsverksemdar i pensjonsordningane	Tal	1 415	1 413	1 430
Medlemmar	Tal	1 089 000	1 075 000	1 069 000
Yrkesaktive medlemmar	Tal	304 000	302 000	302 000
Delvis yrkesaktive og delvis pensjonistar	Tal	14 700	15 000	15 000
Pensjonistar	Tal	291 000	283 000	275 000
Personar med rett frå tidlegare arbeidsforhold*	Tal	479 000	475 000	477 000
Tenestepensjon				
Opptente pensjonsrettar**	Mill. kroner	551 000	530 000	509 000
Pensjonspremie	Mill. kroner	23 300	21 400	15 100
Utbetalte pensjonar	Mill. kroner	27 900	26 700	25 800
Lån				
Utlånsportefølje	Mill. kroner	42 800	49 300	58 300
Søknader om bustadlån	Tal	6 850	5 000	4 500
Lånekundar	Tal	44 300	49 800	56 800

Medlemsverksemdar og medlemmar		2018	2017	2016
Personskadeforsikring				
Premieinntekter	Mill. kroner	233	235	239
Utbetalte personskade- og gruppelivserstatningar (inkl. avgift NAV og div. honorar, ekskl. refusjonar)***	Mill. kroner	329	313	372
Kapitalforvaltning				
Fondsmidlar i Apotekordninga	Mill. kroner	9 800	9 300	8 500
Årleg avkastning på fondsmidlane i Apotekordninga	Prosent	1,8	5	4,8
Interne nøkkeltal				
Gjennomsnittlege årsverk	Tal	375	370	385
Driftskostnader	Mill.kroner	555	518	544
Lønn i prosent av driftskostnader	Prosent	47	46	49
Lønn og sosiale kostnader per årsverk****	Kroner	692 000	640 000	694 000

* Arbeider ikkje lenger i verksemd knytt til SPK, men har pensjonsrettar hos SPK (oppsett rett).


** Sjå rekneskapsnote 10 for fordeling på dei enkelte ordningane og kva som inngår i rekneskapsnotane til SPK.

*** Tidlegare år har vi nytta utbetalingar etter fråtrekk av refusjonar i nøkkeltala. Her er alle dei årlege beløpa førte opp utan fråtrekk for refusjonar.

**** I 2017 hadde vi låge pensjonskostnader. I 2018 er vi tilbake til tidlegare nivå.

Dette leverer vi

Pensjon




- AFP
- Alderspension
- Barnepensjon
- Ektefellepensjon
- Særalders-/førtidspensjon
- Uførepensjon

SPK forvaltar pensjonsrettar for medlemmar som jobbar – eller har jobba – i stat, skule, forskning, apotek og organisasjonar. Ved utgangen av 2018 betalte vi ut 325 000 pensjonar. Figuren viser fordelinga av dei ulike pensjonsdekningane.

Talet på alderspensjonar aukar og er venta å auke i fleire år framover. Talet på AFP-pensjonar auka med 1,4 prosent frå 2017, men er venta å søkke framover.

Les meir i kapittel 3.3.1.

Forsikringsutbetalingar




SPK forvaltar forsikrings- og erstatningsordningar på vegner av staten. Totalt betalte SPK ut 329 millionar kroner i forsikringsutbetalingar i 2018.

Beløpet består av 180 millionar kroner i gruppelivserstatningar, 62 millionar kroner for veteransaker og 86 millionar kroner for yrskeskade og andre ordningar.

Les meir i kapittel 3.3.2.

Utlånsvolum



Både yrkesaktive og pensjonistar kan søke om bustadlån frå SPK.

Talet på lånekundar sokk med 11 prosent frå 2017 til 2018, og det totale utlånsvolumet blei redusert med 13,2 prosent i same periode. Talet på søknader om lån auka med 37 prosent frå 2017.

Les meir i kapittel 3.3.3.

SPK leverer òg:

- rekneskapsrapportar for pensjonsforpliktingar, prognosar og berekning av avkastningsparametrar til premieberekning
- utgreingar og analysar
- juridisk kompetanse
- kurs for å rettleie kundar og medlemmar i pensjonsspørsmål
- informasjon om pensjonsreforma og offentlig tenestepensjon – spk.no er hovudkanalen vår for informasjon og kommunikasjon med kundar og medlemmar
- forvaltning av pensjonsmidlane til Pensjonsordninga for apotekverksemd – for denne ordninga forvaltar vi eit fond på 9,8 milliardar kroner

Vi jobbar aktivt med å føre medlemmar til nettsida og lage gode beteningsløyningar på spk.no. Sjølvbeteningsgraden held seg jamt på 88 prosent.

Les meir i kapittel 3.3.4.

SPK er meir enn SPK-ordninga

Det er viktig å hugse at Statens pensjonskasse ikkje er éi kasse i betydninga éi ordning.

Statens pensjonskasse administrerer ei rekke ordningar på vegner av staten. Nøkkeltala du finn i kapittel 2 og tal du finn elles i rapporten, omfattar alle ordningane. Når vi skriv om «våre» aktivitetar og resultat, meiner vi korleis vi samla har handtert alle ordningane SPK administrerer. Og når vi for eksempel snakkar om talet på medlemmar eller pensjonistar, reknar vi samla tal for alle ordningane.

I statistikken bak i rapporten finn du nøkkeltal brotne ned på ulike ordningar.

Leiinga



1. PER WOLD

Direktør for IT-området

2. OLE MARTIN GUDESEN

Direktør for program- og prosjektutviklings-området

3. KARI LUND

Direktør for verksemdsstyring og kapitalforvaltning

4. LISE LØWE

Direktør for kunde- og marknadsområdet

5. FINN MELBØ

Administrerende direktør

6. JEANETTE CHRISTENSEN

Direktør for kommunikasjonsområdet

7. HARALD LUNDH

Direktør for pensjoneringsområdet

8. OLE M. SØRLIE

Direktør for forsikrings- og produktområdet

9. ANNE SOLVANG HOFF

Direktør for HR-området

Slik jobbar vi


→ **Statens pensjonskasse har eit omfattande samfunnsoppdrag. For å lykkast er vi avhengige av brei kompetanse, tett samarbeid mellom fag- og forretningsområda – og felles mål.**


Verksemdsideen vår er å vere leiande på å levere offentleg tenestepensjon. Det skal vi klare ved å levere kostnads-effektive produkt og tenester med den servicegraden kundane og medlemmane våre forventar.

Organisasjonsform

Vi er ein tradisjonell linjeorganisasjon med fire forretningsområde og fem støtteområde. Men leveransane og tenesene våre følger ikkje dei organisatoriske skiljelinjene. For å levere det vi skal, på den måten vi ønsker å levere, er vi avhengige av gode, tverrgående prosessar.

I figuren viser vi korleis viktige prosessar treffer dei tre største forretningsområda: kundar og marknad, pensjonering, forsikring og produkt.





1814 →
Den almindelige norske Enkekasse blei oppretta.

1873 →
Lov om Pensjonskassen for Statens Bestillingsmænd. Seinare døypt om til Pensjonskassen for Statens tjenestemænd.

1896–1909 →
Tre departementale pensjonskomitear greidde ut mogleheitene for å opprette ei pensjonskasse for offentlege tenestemenn. Den tredje komiteen blei ferdig med innstillinga si i 1909.

1917 →
Statens pensjonskasse blei oppretta 1. juli. Oscar Schjøll var første administrerande direktør. Stortinget, med Kongens samtykke, avgjorde kva for stillingar som skulle innlemmast i ordninga.

1936 →
Behovsprøvd statleg alderstrygd blei innført. (Då hadde allereie mange kommunar innført kommunale alderstrygder.)

1948 →
Utligningsprinsippet blei innført for SPK-ordninga. Det vil seie at pensjonsutgiftene blei utlikna over statsbudsjettet kvart år. Tidlegare var pensjonsordninga fondsbasert.

1959 →
Obligatorisk statleg alderstrygd, utan behovsprøving, og ny lov om samordning av pensjons- og trygdeytningar blei innført.

1967 →
Folketrygda blei innført. Tenestepensjonen fekk ei ny rolle, og ein samordna (reduisert) tenestepensjon kom i tillegg til folketrygda.

1977 →
Vi fekk overføringsavtalane mellom pensjonsordningar i statleg og kommunal sektor.

1988 →
Staten og tenestemannsorganisasjonane inngjekk den første tariffavtalen om førtidspensjon (AFP).

2006 →
Lov om obligatorisk tjenestepensjon blei innført.

2011 →
Pensjonsreforma tok til å gjelde. Ny alderspensjon i folketrygda, og tilpassingar i offentleg tenestepensjon til endra folketrygd (levealdersjustering og ny regulering av pensjonar).

2015 →
Nye reglar for offentleg uførepensjon både i folketrygda og i offentlege tenestepensjonsordningar.

2016 →
Stortinget vedtok at dei statlege forvaltningsorgana ikkje lenger skal vere fritatt frå å betale pensjonspremie.

2017 →
Nye samordningsreglar mellom folketrygd og offentleg tenestepensjon på høyring. Partane erklærte at dei er klare til å gå i gang med å utforme ny offentleg tenestepensjon.

2018 →
Regjeringa og partane i arbeidslivet inngjekk ein avtale om ny offentleg tenestepensjon 3. mars 2018.

I juni blei dei nye samordningsreglane vedtatt, og hausten 2018 blei forslaget til nye reglar for ny offentleg tenestepensjon sendt ut på høyring.

Pensjonsløftet

Utviklinga av statlege tenestepensjonar gjennom 200 år

Kapittel 3:

Årets aktiviteter og resultat



Samla vurdering av aktiviteter, resultat og ressursbruk

→ **Samla sett har vi levert godt når det gjeld dagleg drift og utvikling i 2018. Vi har i stort gjennomført dei strategiske tiltaka våre, og pensjonsprogrammet Pro 25 går etter planen. Men vi ser at utviklingsoppgåvene i samband med nytt regelverk i nokon grad har gått på kostnad av det kontinuerlege forbetningsarbeidet innanfor dagleg drift.**

- Statens pensjonskasse har oppfylt alle vesentlege mål og resultatkrav i tildelingsbrevet.
- Vi hadde ein svak auke i omsetninga. Primært som følge av ekstraordinært låge pensjonskostnader for egne tilsette i 2017 har vi levert eit samla driftsresultat som er 33,3 millionar kroner svakare enn fjoråret.
- For første gong på sær lang tid ser vi at den årvisse auken i produktivitet har bremsa opp, då administrasjonskostnader i prosent av premiereserven i 2018 viser ein auke frå 0,085 til 0,088. Produktiviteten vår ligg framleis på eit sær høgt nivå, men vi nådde ikkje det interne målet om ein årleg produktivitsvekst på 2–3 prosent.*

* For å samanlikne ulike aktørar i bransjen blir pensjonsrelaterte administrasjonskostnader berekna som prosentdel av den totale premiereserven (opptente pensjonsrettar). Det gir ein prosentsetning som viser kostnadsnivå.

Effektiv drift er ei sentral føring frå Arbeids- og sosialdepartementet i dei årlege tildelingsbrev. Og produktivitsvekst har vore – og er – eit hovudspor i SPKs interne strategi.

Gjennom kontinuerleg forbetring av verktøy og arbeidsprosessar har vi år etter år vore i stand til å forbetre driftsresultatet vårt og nå nye produktivitsmål. I 2018 såg vi at denne positive trenden stoppa opp. Det er ikkje unaturleg i ei reformtid.

Har prioritert dagleg drift

Gjennomsnittleg årsverk i 2018 var 375. Det er 5 fleire enn i 2017. I tillegg har vi hatt ca. 40 IT-konsulentar, som i tråd med IT-strategien vår har arbeidd med både utviklingsoppgåver og dagleg drift.

Sjølv i ein heftig reformperiode er det alltid den daglege drifta som må prioriterast. Det har vi gjort, og derfor ser vi at vi òg i 2018 har greidd å innfri det viktigaste kravet: rett pensjon og premie til rett tid.

Det nest viktigaste kravet er å gjere SPK i stand til å handtere nytt regelverk. Sidan arbeidsoppgåvene i samband med reformarbeidet har kravd store ressursar både frå

Endringar som får følger for dagleg drift

- Talet på alderspensjonar har auka med 4,4 prosent – til 205 000.
- Talet på sær alderspensjonar har auka med 4,9 prosent – til 12 000.
- Talet på AFP-pensjonar og etterlatnepensjonar har òg auka, mens talet på uførepensjonar har gått noko ned. For desse to ytingane skal vi rekne ut etteroppgjjer etter regelverk som er vanskelege å forklare.
- Talet på lånekundar sokk med 11 prosent. Men vi innfridde færre lån, og talet på lånesøknader auka med 37 prosent.
- Talet på innmelde personskadesaker har gått noko ned.

utviklarane og frå forretnings- og støtteområda i linja, har det fått verknader for det kontinuerlege forbetningsarbeidet.

Det betyr ikkje at vi har slutta å leite etter forbetningsmoglegheiter i arbeidsprosessane våre. Det betyr heller ikkje at 2018 har vore eit år utan forbetningar i saksbehandlingssystema og beteningsløysingane vi har i dag. Tvert imot. Vi har forbetra oss. Vi ser for eksempel at automatiseringa av arbeidsoppgåvene i pensjonsprosessen har gått opp frå 70 til 72 prosent.

Men mens vi hittil i stor grad har prioritert dei «lågt-hengande fruktene» – mindre forbetringstiltak med stor effekt – ser vi at det no er lenger mellom desse «fruktene» som krev relativt få ressursar. I ei reformtid der vi må prioritere stramt mellom utvikling og dagleg drift, blir det færre forbetringstiltak som har så høg kost/nytte-verdi at dei når opp i prioriteringa.

Sett i lys av dette er vi særers nøgde med at vi har greidd å forbetre prosessane våre og auke effektiviteten per årsverk innan både pensjon og personskade, sjølv om SPK samla sett ikkje nådde det interne produktivetsmålet vårt.

Utvikling på sikt

Dei tunge regelverks- og teknologiprojekta, som SPK har gjennomført og skal gjennomføre i samband med reformer, er i stor grad «må»-prosjekt vi må gjennomføre for å vere i stand til å handtere regelendringane.

Dette er altså ikkje effektiviseringsprosjekt, men vi legg stor vekt på å prøve å utnytte moglegheitene som byr seg når vi vidareutviklar systemløysingar og arbeidsprosessar.

Utviklingstiltak 2018

Mesteparten av systemutviklinga i 2018 har skjedd i pensjonsprogrammet Pro 25, der vi har samla utviklingsoppgåver knytte til implementering av nytt samordningsregelverk (fase 1) og ny offentleg tenestepensjon (fase 2).

Ved slutten av året var vi i rute med framdriftsplanen, men det har vore utfordrande å få inn tilstrekkelege utviklings- og IT-ressursar. [Sjå meir om Pro 25 i kapittel 3.3.1.](#)

Utviklingstiltak utanfor Pro 25

I tillegg til utviklinga i pensjonsprogrammet har vi gjennomført 12 utviklingstiltak. Dette er dei mest sentrale:

- Vi har skifta ut regelmotoren, som er sjølv «hjartet» i pensjonssystemet vårt. Prosjektet starta opp i 2016 og blei ferdigstilt hausten 2018. Det er viktig å ha fått på plass ny regelmotor før vi skal implementere nytt regelverk gjennom pensjonsprogrammet.
- Vi har dei seinare åra innført hendingsbasert fakturering for eit utval av medlemsverksemdene våre. I 2018 har vi ferdigstilt systemløysinga til òg å berekne hendingsbasert fakturering for lærarar i alle kommunar og fylkeskommunar.
- Vi har starta arbeidet med å innføre eit samhandlingsverktøy, Office 365, i heile verksemda. Dette er eit viktig verktøy for å sikre betre dokumenthandtering, samhandlinga i grupper og prosjekt, informasjonsflyten og kunnskaps- og erfaringsdeling.

Resultat i 2018

inkludert krav frå tildelingsbrevet

MÅL OG STYRINGSPARAMETRAR	Resultat 2016	Resultat 2017	Mål 2018	Resultat 2018		Kommentarar
MÅL 1. SPK skal betale ut rett yting til rett tid						
SPK skal betale ut rett yting						
Kvalitet i berekninga av nye og endra pensjonar Av nye og endra pensjonar skal minst 96 % vere utan vesentlege feil ved høvesvis først gongs utbetaling og endringstidspunktet. Feil i pensjonsutbetalingar over ± 100 kroner per måned bør reknast som vesentleg feil.	97,6 %	97,6 %	> 96 %	97,3 %	●	Stikkprøvekontrollen viser at resultatet totalt for dei siste 12 månadene var 97,3 %. For nye pensjonar er resultatet 98,1 % og for endringar 96,5 %.
SPK skal betale ut yting til rett tid						
SPK skal sikre at medlemmane får ytingane til rett tid i tråd med lov- og regelverk og SPKs fastsette fristar.						
Rettidig utbetaling av nye alderspensjonar, uførepensjonar og etterlatnepensjonar Skal betalast ut frå første måned etter lønnsopphør etter at nødvendig dokumentasjon ligg føre.	99,9 %	99,9 %	100 %	99,9 %	●	Det er 6 brot i 2018 som kjem av feil registrering og oppfølging.
Utbetaling av yrkesskadeerstatning Forsikringssakene under yrkesskedeforsikring skal betalast ut innan fire veker etter at nødvendig dokumentasjon er mottatt.	90 %	88 %	> 85 %	87 %	●	Vi har hatt 8 brot i 2018.
Utbetaling av gruppelivserstatning Utbetaling skal skje innan sju verkedagar etter at nødvendig dokumentasjon ligg føre	99,5 %	99,3 %	100 %	99,8 %	●	Vi har hatt 1 brot i 2018.
Behandlingstid bustadlån (nye og refinansiering av lån) Alle søknader om nye bustadlån og refinansiering skal vere behandla innan 14 dagar.	Snitt 10 dagar	Snitt 13 dagar	< 14 dagar	Snitt 30 dagar	●	Kravet blei ikkje nådd, grunna auka volum etter heving av låneramma.

MÅL OG STYRINGSPARAMETRAR	Resultat 2016	Resultat 2017	Mål 2018	Resultat 2018		Kommentarar
MÅL 2. SPK skal fastsetje og krevje inn rett premie til rett tid						
Rett premie til rett tid Premie skal vere minst 98 prosent korrekt i tråd med mottatt grunnlag og føresetnader i premieberekninga. Blir målt som gjennomsnitt av fastsats og hendingsbasert premie.	100 %	100 %	> 98 %	100 %	●	Ingen kjente feil i faktureringa i 2018.
Faktura skal effektuerast i samsvar med fakturadato med verksemdene.	à jour	à jour	à jour	à jour	●	Ingen avvik i 2018.
MÅL 3: SPK skal sørge for at tenester og informasjon er tilpassa behova til medlemsverksemdene og medlemmane						
Kundetilfredsheit Medlemsverksemdene skal vere like tilfredse som førre år.	70 %	*	80 %	79 %	●	Gjennomsnittleg kundetilfredsheit for 2018 ligg rett under målsetjinga.
Medlemstilfredsheit Medlemmane skal vere like tilfredse som førre år.	62 %	*	80 %	82 %	●	Gjennomsnittleg medlemstilfredsheit for 2018 ligg over målsetjinga.
Sjølveteningsgrad Sjølveteningsgraden for medlemsverksemdar og medlemmar (saker som blir løyste via heimesida til SPK) skal vere minst på nivå som førre år.	87,5 %	88 %	85 %	89 %	●	Som for 2017 ligg vi godt over målsetjinga for 2018.
MÅL 4. SPK skal sørge for effektiv drift						
Kostnadseffektiv drift Pensjonsrelaterte administrasjonskostnader i prosent av forsikringsteknisk avsetjing.	0,10 %	0,085 %	0,09 %	0,088 %	●	Administrasjonskostnadsprosenten ligg godt innanfor målet, men har hatt ein svak auke ved utgangen av året.

* Vi endra målemetode i 2017, slik at vi ikkje kan samanlikna måltal for 2016 med måltal for 2018.

PRODUKTIVITETSINDIKATORAR I SPK	Resultat 2016	Resultat 2017	Mål 2018	Resultat 2018		Kommentarar
Produktivitet pensjon Talet på pensjonspolisar per årsverk i pensjoneringsområdet	2 341	2 536	2 538	2 586	●	Vi er godt over SPKs målkrav for 2018.
Produktivitet premie-aktuarberekningar Talet på premiebetalande kundar per årsverk i aktuar- og analyseeiniane	78	85	85	87	●	Vi ligg over SPKs målkrav for 2018.
Produktivitet personskadeforsikring Tal på forsikringsavgjerder per årsverk i personskadeavdelingane snitt siste året	108	106	108	131	●	Talet på avgjerder har auka fordi personskadeavdelingane har overtatt gruppelevingssakene, som tidlegare blei behandla i ei anna eining.
Produktivitet bustadlån Porteføljeaktivitet per årsverk per år. (Gjennomsnittleg tal på saker per månad i heile forvaltninga, både forvaltning av løpande portefølje og behandling av søknader.)	67,2	108	88	85	●	Noko bak målsetjinga. Årsaka er opplæring av nye ressursar siste delen av 2018.

Utgreiing om pensjon

→ **Pensjon er hovudproduktet vårt. Opp mot 90 prosent av dei samla kostnadene til Statens pensjonskasse er knytte til administrasjon og produksjon av pensjonsytingane våre. I 2018 vaks ressursinnsatsen i samband med pensjon betydeleg fordi vi har arbeidd med å implementere nye samordningsreglar og førebu innføringa av ny offentleg tenestepensjon.**

Trass omfattande reformarbeid har vi halde drifta stabil og kvaliteten høg i heile pensjonsprosessen, samtidig som effektiviteten per årsverk har auka.

Dette leverer vi

SPK administrerer pensjonsordningar for over éin million medlemmar. Kvar månad sørger vi for at drygt 300 000 pensjonistar får utbetalingane sine. SPKs hovudoppgåve er å gi enkeltmenneske økonomisk tryggleik den dagen dei går av med pensjon eller blir uføre. Vi gir òg familien økonomisk tryggleik om medlemmen sjølv skulle falle frå.

Tenestepensjonsordningane SPK forvaltar, omfattar desse ytingane:

- alderspensjon, når medlemmen vel å ta ut pensjon
- alderspensjon særager, for medlemmar som er i ei stilling med lågare aldersgrense
- AFP, når medlemmen vel å gå av tidleg
- uførepensjon, når medlemmen blir sjuk eller skadd
- etterlatnepensjon – når ein medlem døyr, får ektefelle og barn etterlatnepensjon

Kvar enkelt pensjon vi betaler ut, er resultat av ein omfattande prosess som inneheld langt meir enn sjølve pensjoneringa – altså overgangen frå yrkesliv til pensjonisttilvære.

Pensjonsprosessen startar eigentleg ved byrjinga av yrkeskarrieren. Då begynner arbeidsgivaren å rapportere inn lønns- og stillingsdata til oss. Månadleg ajourhald av medlemsdata, ikkje minst som følge av endra stilling, lønn eller arbeidsgivar, eventuelt uførleik – og alle andre endringar som betyr noko for rettane til medlemmen – representerer ein vesentleg del av arbeidsoppgåvene våre i samband med pensjon. Pensjonsberekning, premieberekning og fakturering er andre arbeidskrevjande område.

I kapittel 2.5 viser vi dei tre viktigaste prosessane våre: dataforvaltningsprosessen, pensjoneringsprosessen og

premieprosessen. Utgreiinga i dette kapitlet omfattar alle desse prosessane.

I tillegg til å levere pensjon har vi òg eit særleg ansvar for å informere om offentleg tenestepensjon generelt, og vi bistår Arbeids- og sosialdepartementet med utgreiingar og analysar.

Samfunnsverdi

SPKs viktigaste samfunnsoppdrag er å sikre rett yting og rett premie til rett tid. Dette skal vi gjere så kostnadseffektivt som mogleg. Og vi skal gjere det i tråd med stadige endringar i regelverket.

SPK har derfor ei viktig rolle å spele for å bidra til at dei reformene Stortinget vedtar, faktisk blir gjennomførte. Dette inneber eit ansvar for å informere medlemmane våre og svare på spørsmål dei måtte ha, gjerne lenge før reforma er vedtatt eller ytinga skal betalast ut. Det inneber òg eit ansvar for å tilpasse systema våre for å berekne både premie og ytingar – gjerne innanfor særskilte tidsrammer.

I 2018 fekk vi nye reglar for samordning mellom folketrygd og offentleg tenestepensjon. Nytt regelverk for offentleg

	Tal		Endring frå 2017	Utbetalingar (mrd.)	Endring frå 2017
Alderspensionar	205 000	Auke	4,4 %	15,4	5,6 %
Særalderspensionar	12 000	Auke	4,9 %	2,7	8,0 %
Etterlatnepensionar	52 000	Svak auke	0,8 %	3,9	1,8 %
Uførepensionar	44 000	Reduksjon	-1,8 %	2,4	-3,3 %
AFP-pensionar	13 000	Auke	1,4 %	3,5	5,6 %
	325 000			27,8	

Figuren viser korleis dei 325000 pensjonane fordeler seg mellom dei ulike pensjonsyttingane. (Tala er runda av).

tenestepensjon blei sendt på høyring. Les meir om dette i kapitla 1, 2.2, og 5.

Som nemnt i innleiinga til dette kapittelet administrerer SPK fleire ulike ordningar. Felles for dei ulike ordningane har vore at vi har levert éin hovudvariant av alderspensjon. Når dei nye reglane tar til å gjelde, vil variasjonen vere så stor at vi kan snakke om fire variantar av alderspensjon.

Endringane får store konsekvensar for medlemmane, medlemsverksemdene og oss.

I kapittel 5 gjer vi greie for dei langsiktige verknadene av nytt regelverk. Utviklingsarbeidet er samla i pensjonsprogrammet vårt – Pro 25. [Sjå utgreiing i eiga ramme.](#)

Dei store tala

Per 31.12.2018 hadde vi ein premiereserve på 551 milliardar kroner. Dette er summen av pensjonsrettane som våre drygt 1 million medlemmar har tent opp basert på dagens regelverk.

Utviklingar i bestand og utbetalningar

Per 31.12.2018 hadde vi i overkant av 300 000 pensjonistar. Til saman fekk dei utbetalt 325 000 pensjonar. Det betyr at nokre av medlemmane fekk utbetalt meir enn éi yting.


Alderspensionsutbetalingane utgjer over halvparten av dei samla utbetalingane målt i kroner. Endringar som gjeld alderspensjon, vil derfor avgjere totalbildet av noverande og framtidige samla pensjonsutbetalingar. Talet på alderspensionistar aukar og er venta å auke i fleire år framover.

Særalder held fram med å vekse. Årsaka er at talet på yrkesaktive med særaldersgrense som når pensjonsalder, er aukande. Tilnærma like mange uføre som yrkesaktive tok ut særalderspensjon i 2018. Med tanke på storleiken til gruppa er det ein stor overgang frå uføre til særalder.

For uføre har vi registrert ein reduksjon i bestanden både før og etter uførereforma i 2015. Det er derfor mogleg at det er ein samanheng mellom reduksjonen i talet på uføre og auken i talet på dei som kan ta ut særalderspensjon. Framover ventar vi å sjå ein auke i særaldersgruppa.

Utvikling i premiereserve

Milliardar kroner



I 2018 auka premiereserven (opptente pensjonsrettar) med 21 milliardar kroner. 18 milliardar kroner av denne auken kjem av endringar i samband med alderspensjon. Auken er omtrent tilsvarande den i 2017, men fordelinga er annleis. Alderspension har auka med 18 milliardar kroner, mot 9 milliardar kroner i 2017. Dette kjem av sterkare lønnsvekst og sterkare regulering av pensjonen i 2018. I motsett lei ser vi at AFP-reserven har minka jamført med 2017. Det kjem av at auken i fjor var spesielt stor, og i 2018 er vi tilbake på normalnivået.

Vi forventa at talet på aktive i AFP-alder skulle stige i 2018, for så å falle framover mot 2022. I 2018 observerte vi at talet på AFP-uttak hadde stige, som er i tråd med denne forventninga.

Tendensen til å ta ut AFP var fallande fram til 2015. Frå 2016 og fram til i dag har det vore ein svak auke. Hovudforklaringa til auken i talet på AFP-utbetalingar i 2018 kjem derimot av at det var fleire aktive i AFP-alder i 2018 jamført med 2017.

Utviklingar i premie og kundemasse

I 2018 fekk vi inn 23,3 milliardar kroner i pensjonspremie frå kundane som har pensjonsordninga si hos oss. Dette er ein auke på 1,9 milliardar frå 2017.

Hovudårsaka til dette er sterkare regulering av grunnbeløpet i folketrygda og høgare lønnsvekst og lønnsvekstforventningar i 2018 jamført med 2017.

Samtidig som talet på premiebetalande kundar har gått opp, er den totale kundemassen i hovudsak uendra. I 2018 valde fleire av kundane våre innanfor samferdselssektoren å lukke pensjonsordninga si i SPK, men dei vil halde fram med å vere kundar i lang tid framover for delar av sine tilsette.

I tida framover ser vi at det vil komme fleire endringar i kundemassen, blant anna grunna kommunesamanslåingar og reformer i offentleg sektor.

SPK bistår departementet gjennom å delta i arbeidsgruppa departementet har sett ned til å greie ut kva for hovudprinsipp som skal ligge til grunn for det framtidige premie-systemet i SPK.

Om lag 70 fristilte verksemdar blir spesifikt følgde opp, utan at premien blir jamna ut med andre. Desse får årleg konto-utskrift med avrekning av rente- og risikoresultat.

Produksjon

Pensjonsutbetalingane skal vere riktige. Kravet i tildelingsbrevet er at minst 96 prosent av nye pensjonar skal vere korrekte ved første gongs utbetaling, og at minst 96 prosent av endringane i løpande ytingar skal vere korrekte.

Utbetalingane skal òg skje til rett tid: Alle nye pensjonar skal betalast ut frå første månad etter siste lønning, så fram SPK har fått dokumentasjon vi treng.


SPK skal levere rett premie til rett tid. Kravet er at 98 prosent av premiane skal vere korrekte, og faktura skal effektuerast i tråd med fakturadatoen som er avtalt med verksemdene.

Desse kvalitetskrava er upåverka av endringar i lover og pensjonsregelverk. Derfor er det eit viktig mål å gjennomføre reformer og utvikle system for nye regelverk på ein god måte – utan at det forstyrrar den daglege drifta og det vi leverer til medlemmane våre.

Som ein del av innsatsen for å effektivisere offentleg sektor har vi sett oss som mål å handtere eit jamt veksande tal pensjonar utan å auke talet på årsverk i den delen av verksemda som har ansvar for pensjonsberekning og -utbetaling.

Produksjonsresultat pensjon

I 2018 viste stikkprøvane våre at 98,1 prosent av nye pensjonar og 96,5 prosent av endringar var korrekte. Av



Avkastning på pensjonsmidlar

Avkastninga på pensjonsmidlane betyr mykje for kostnaden for ei pensjonsordning. For fristilte statlege verksemdar som er organiserte som AS/ASA, og enkelte andre verksemdar, bereknar vi avkastning ved å bruke fiktive fond.

Dei fiktive fonda er i hovudsak knytte til statsobligasjonar som blir haldne til forfall – slik at avkastninga ligg fast over løpetida til obligasjonen. Kvar kunde vel sjølv løpetid på investeringane. Låge statsrenter dei seinare åra har gitt låg og minkande avkastning for dei fleste medlemsbedriftene. Ein konsekvens av dagens modell er at premien for ei enkeltverksemd kan variere stort frå år til år.

Våren 2018 fekk rundt 70 SPK-kundar med fiktive midlar på til saman omkring 45 milliardar berekna individuelle avkastningsparametrar for 2017.

Snittavkastninga var 2,3 prosent – omtrent uendra frå året før. Avviket på 0,7 prosent frå berekningsrenta* svarer samla sett til ein premieeffekt på omkring 330 millionar kroner.

* Rente som blir lagd til grunn ved berekning av den årlege premien for pensjonsordninga.

24 400 nye pensjonar blei 6 betalte ut noko etter fristen. Fleire detaljar om utbetalingskvaliteten finn du i tabellen i kapittel 3.2.

På den tekniske sida har den viktigaste hendinga i 2018 vore at vi i mai sluttførte moderniseringa av bereknings-tenestene for pensjonsrettar og -ytingar (regelmotoren). Denne moderniseringa er viktig fordi ho legg til rette for innføringa av nye regelverk i systema våre.

Driftsmessig har året i hovudsak vore prega av å stadig forbetre den løpande drifta. Store og mindre forbetringar blir gjorde heile tida. Vi innarbeider reformer og regelendringar i systema våre slik at ytingane blir korrekte og beteninga av kundar og medlemmar blir god. Men både system og arbeidsformer kan stadig bli betre. Vi prioriterer kontinuerleg forbetring høgt, sjølv om det er krevjande i reformperiodar.

Produksjonsresultat premie


Kvalitetskrava blei innfridde. Utrulling av hendingsbasert fakturering følger planen. Hendingsbasert fakturering for skuleverket (lærarar i kommunar og fylkeskommunar) blei ferdigstilt i mai 2018.

Arbeidet med å utvikle nytt system for berekning av premie og reserve har halde på i heile 2018 og følger planen.

Medlems- og kundebetening

Pensjon handlar om meir enn kva den enkelte får utbetalt i kroner og øre. Informasjonen og hjelpa vi gir undervegs i heile medlemsløpet, er ein viktig del av tenestene våre.

Utvikling i talet på pensjonar per årsverk i pensjoneringsområdet



Bemanninga har vore stabil i ei årrekke. Berekning og saksbehandling av utbetalingar, og vedlikehald av system og rutineverk, la i 2018 beslag på 121,5 av dei 375 årsverka i SPK. I tillegg kjem ressursbruken innan rapportering av arbeidsgivardata, IT, kunde- og medlemsbetening, aktuarberekningar, informasjonsverksemd og anna verksemd som støttar opp under pensjonsprosessen.

SPK er opptatt av å kunne tilby beteningsløysingar som gir god verdi for medlemmar og verksemder, og det er eit klart mål at vi vidareutviklar sjølvbeteningsløysingane våre.

Vi ser at vi i stor grad har klart å lage gode sjølvbeteningsløysingar for enklare spørsmål. Men når kompleksiteten i spørsmåla er større, ser vi at medlemmane vel å kontakte oss på telefon, e-post og chat. Det betyr at det tar lengre tid å svare i desse kanalane.

I 2018 blei vi totalt sett kontakta omtrent like mange gonger som i 2017. For dei sjølvbetente kanalane ser vi at besøkstala på spk.no auka marginalt med 1 prosent, men at det er 7,2 prosent fleire innloggingar på dei personlege nettsidene for medlemmane.

Sjølvbeteningsgraden held seg på same nivå som i 2017 og er på 88 prosent. Ein stor del av medlemmane våre loggar seg inn på dei personaliserte sidene «Min side medlem» (MSM).

Til saman hadde vi 570 000 innloggingar fordelt på 324 000 unike brukarar – det vil seie at ca. 30 prosent av medlemmane vore har vore inne på sine eigne sider på spk.no.

Vi har ein marginal auke i talet på personar som kontaktar oss. Auken er på 1,2 prosent, men vi ser at endringa i kva slags kanal dei ønsker å nytte når dei kontaktar oss, er stor. Det er ein klar nedgang på telefon (10 prosent), ein klar auke på e-post (12 prosent), og ein sær stor auke på chat (75 prosent).

Eit godt forbetringstiltak

Eit godt eksempel på forbetningsarbeidet vårt er uførepensjon. Trass i at talet på uførepensjonar berre utgjør 25 prosent av både nye og løpande pensjonar, arbeider om lag halvparten av saksbehandlarane i pensjoneringsområdet med uførepensjon.

Uførerereforma hadde som uttrykt målsetjing å stimulere til å prøve seg i arbeidslivet. Mange har derfor lønn mens dei får uførepensjon. Det gjer at vi først må berekne ytinga på basis av det medlemmen forventar å tene. Ytinga må så bereknast på nytt når skatteoppgjeret er klart året etter og den faktiske inntekta er kjent. Dette kan innebære at det blir eit etteroppgjer for å krevje tilbake eller etterbetale yting, dersom inntekta ein la til grunn, avvik frå den faktiske.

Delar av inntekta skal haldast utanfor etteroppgjeret. For eksempel inntekter som ikkje er knytte til same periode,

slik som feriepengar. Før måtte pensjonisten sjølv dokumentere dette, gjerne ved å involvere arbeidsgivaren. SPK sette i gang mange etteroppgjer som vi ikkje hadde trunge å bruke tid på dersom vi hadde hatt tilstrekkeleg detaljerte lønnsdata. Medlemmen hadde vanskeleg for å forstå prosessen, og både medlemmen og SPK brukte unødvendig med tid og ressursar.

Eitt av mange forbetringstiltak i 2018 var derfor å forbetre datautvekslinga med skatteetaten, slik at vi no ikkje berre får informasjon om samla lønn, men òg ein spesifisering av feriepengar. Dette sparar mange medlemmar for å bli konfronterte med eit oppgjer som viser seg å vere ugrunna. Vi bruker færre ressursar, fordi vi bruker informasjon som allereie finst i den offentlege forvaltninga, om att – heilt i tråd med målsetjinga om digitaliseringa av Noreg.

Dette sparar mange medlemmar for å bli konfronterte med eit oppgjer som viser seg å vere ugrunna.

Dette viser at brukarane våre i stor grad er modne for å bruke ny teknologi. Dette kjem òg til uttrykk i form av at det er blitt fleire som følger oss i sosiale medium, og fleire som les pensjonsbloggen vår.

Kontaktar	2017	2018	Endring
Kontaktar vi har betent	165 000	167 000	1,2 %
Per telefon	122 000	109 300	-10,4 %
Per e-post/brev	27 600	30 900	12,0 %
Per chat	15 200	26 700	75,3 %

Både medlemmar og verksemdar har sett stor pris på chatløysinga vår, og her ser vi ein stor vekst i volumet.

Behov for betening

Vi ser at behova brukarane har for å vere i kontakt med oss, varierer med livssituasjon og alder. Vi ser òg at behovet for betening varierer stort frå pensjonsyting til pensjonsyting. Behovet er størst når medlemmen skal søke om pensjon, når medlemmen må ha kontakt med andre instansar parallelt (for eksempel NAV), og når pensjonen skal kontrollerast mot inntekt. For eksempel i samband med det årlege etteroppgjeret for uførepensjon og AFP.

Uførepensjonen i seg sjølv kan ein oppleve som vrien å forstå, spesielt for dei som er delvis sjukmelde og har inntekt ved sida av. Vi jobbar kontinuerleg med å forbetre informasjonen i søknadsrettleiarane på spk.no, brev og annan kommunikasjon overfor uførepensjonistane våre. Dette har gjort sitt til at færre totalt kontaktar oss – ned frå 33 878 i 2017 til 31 907 i 2018. Ein nedgang på 6 prosent.

Med omsyn til talet på uførepensjonistar er det likevel mange som kontaktar oss. Det er mange spørsmål kvar gong nokon tar kontakt, og det gjer det tidkrevjande å svare.

Servicenivå

I 2018 forbetra vi servicenivået vårt på telefon jamført med i 2017. Ventetida har i snitt gått ned, og vi har svart på fleire telefonar enn året før. I 2018 svarte vi på 95 prosent av oppringingane – mot 89 prosent i 2017.


Medlemmar

Vi har digitale løysingar på spk.no som gjer det enkelt for medlemmar å finne informasjon eller få utført oppgåver. Men grunna regelendringar såg vi det som formålstenleg å stenge pensjonskalkulatoren for alle årskull fødde i 1959 og seinare, frå juni 2018.

Avgjerda blei tatt fordi vi i løpet av året fekk nye samordningsreglar og ein avtale som slo fast at vi ville få store endringar i offentlig tenestepensjon. Sidan ingen av desse endringane var implementerte i kalkulatoren, gav han ukorrekte berekningsresultat.

Gjennom heile året arbeidde vi med å implementere dei nye samordningsreglane, og i januar 2019 blei kalkulatoren delvis opna får årskulla 1959–62. Kalkulatoren vil bli stadig meir funksjonell utover i 2019, men berekningsverktøyet blir ikkje komplett før reglane for ny offentlig tenestepensjon blir vedtatt og implementerte.

Vi har oppdatert nettsidene våre med informasjon om nye samordningsreglar. Vi har òg laga informasjon om ny offentlig tenestepensjon, og informasjonen er skreddar-



sydd for ulike årskull. Men mykje er uvisst, og endringane er vanskelege å forklare.

Kundar

Hovudkanalen mellom oss og kundane (medlemsverksemdene) er sjølvbeteningsløysingane våre på spk.no – sidan SPK ikkje har kontorstader over heile landet.

I 2018 har vi vidareutvikla «Min virksomhet» på spk.no, slik at kundane i endå større grad kan betene seg sjølv og sleppe å ringe oss. Tidlegare har vi vist til at talet på oppringingar frå medlemmane går ned, og at chat blir brukt meir og meir.

Dette gjeld òg for kundane våre, der vi ser endå større endringar i korleis dei bruker oss. Telefonoppringingane frå kundar gjekk ned med heile 23 prosent, mens talet på kontaktar på chat auka med 60 prosent frå 2017.

Les meir i kapittel 3.3.4 – andre aktiviteter og tiltak. Der gjer vi greie for medlems- og kundetilfredsheita – sett samla for heile verksemda.

Vurdering av resultat – med vekt på produktivitet og ressursbruk

På alle vesentlege område har vi halde oss godt innanfor både kvalitetskrava og effektivitetskrava som er knytte til pensjonsproduktet. Dette fekk vi til sjølv om mange av nøkkelpersonane våre både innan saksbehandling og innan utvikling måtte «dele seg» mellom dagleg drift og reformarbeid. Totalt var 100 personar – inkludert 30–40 konsulentar – involverte i pensjonsprogrammet Pro 25.

SPKs pensjonsprogram Pro 25

SPK etablerte pensjonsprogrammet Pro 25 seinhaustes 2017, og det har no lagt bak seg sitt første år. Hovudformålet er å setje SPK i stand til å handtere nye samordningsreglar og ny offentleg tenestepensjon – samtidig med andre nødvendige systemtilpassingar og moderniseringsbehov.

Første fasen av programmet (fase I) vil verke i perioden 2017–2022, der å implementere nye samordningsreglar for årskulla 1954–62 vil vere sentralt. Tenestepensjon frå SPK skal samordnast med ytingar frå folketrygda. Samordningsregelverket regulerer korleis denne samordninga skal vere.

Samordningsreglane blei formelt vedtatt sommaren 2018. Vi er godt i gang med å implementere det nye regelverket og med arbeidet med å utvikle kalkulatoren på spk.no, slik at han kan brukast av årskulla 1954–62.

Vi er òg godt i rute til å ha gode systemløysingar på plass for første pensjonering til januar 2021, då 54-årskullet fyller 67 år.

Eit viktig delprosjekt i fase I er å utvikle ny løysing for premieberekning, som er ein nødvendig konsekvens av pensjonsreforma. I løpet av 2018 har vi komme godt

i gang med utviklinga, og prosjektet vil gå fram mot sommaren 2022.

Eit anna delprosjekt i fase I er å oppdatere arbeidsflata i saksbehandlingssystemet vårt, både for å sikre nødvendige tekniske oppgraderingar, og ikkje minst for å takle behandling av nytt regelverk og møte behovet for effektiv saksbehandling i framtida. Her har vi hatt våre første leveransar hausten 2018: eit verktøy for å simulere effekten av nytt samordningsregelverk på ny arbeidsflate.

Fase II av programmet gjeld eit heilt nytt regelverk for alle årskulla som er fødde i 1963 og seinare. Dette regelverket gjeld alderspensjon og AFP for desse årskulla. Fase II av programmet blir starta opp i 2019 og strekker seg til og med året 2025.

SPK har starta planlegginga av fase II av programmet, der innføring av ny offentleg tenestepensjon vil stå sentralt, basert på høyringsnotatet som blei sendt ut hausten 2018. Generelt har vi vore opptatt av å sikre at vi bygger framtidretta løysingar tilpassa behova til brukarane.

Fleire oppgaver blir automatiserte.

Arbeidet med automatisering har gitt effektar òg i 2018. 72 prosent av arbeidsoppgåvene i saksbehandlinga av pensjon er automatiserte, mens det er ein svak nedgang i prosentdelen heilautomatiserte saker.

Dette er i tråd med strategien vår. Vi meiner det er mest å hente på å automatiserte enkeltoppgåver med stort volum og mykje innsparing per investerte krone, framfor å fokusere på å få heile saka slutført automatisk, noko som kan krevje større investeringar.


Forventningsstyring

Når det gjeld kunde- og medlemsbetening, veit vi frå undersøkingar og omtale av pensjon i media at behovet for aktuell og relevant informasjon er stort.

Men trass informasjonssuget, og trass i at vi måtte stenge av kalkulatoren vår, har det samla talet på kontaktar knytte til pensjon halde seg stabilt.

Det kan tyde på at ressursane vi har brukt på å forklare kvifor vi ikkje har meir konkret informasjon å gi, førebels har vore tilstrekkeleg til å styre forventningane.

Automatiseringsgrad oppgåver og saker



I 2018 blei 72 prosent av oppgåvene i saksbehandlinga av pensjonar utførte maskinelt. Men prosenten heilautomatiserte saker – saker som går gjennom heile saksbehandlingsgangen utan manuell behandling – var 40 prosent. Dette er ein svak nedgang frå 2017.

INTERNE PRODUKTIVITETSINDIKATORAR KNYTTE TIL PENSJON	2016	2017	Mål 2018	Resultat 2018		
Produktivitet pensjon Talet på pensjonspolisar per årsverk i pensjoneringsområdet	2 341	2536	2.538	2586	●	Vi er godt over SPKs målkrav for 2018.
Produktivitet premie-aktuarberekningar Talet på premiebetalande kundar per årsverk i aktuar- og analyseiningane	78	85	85	87	●	Vi ligg over SPKs målkrav for 2018.
Krav frå tildelingsbrevet: Sjølveteningsgrad Sjølveteningsgraden for medlemsverksemder og medlemmar (saker som blir løyste via heimesida til SPK) skal vere minst på nivå som førre år.	87,5 %	88 %	85 %	89 %	●	Vi er godt over SPKs målkrav for 2018.

Vi har ei rekke interne produktivitetsindikatorar. Tabellen viser målinga av fleire forhold som er viktige for å vurdere produktiviteten i pensjonsprosessen. «Produktivitet pensjon» er eit internt måltal som omfattar berekning og utbetaling av pensjonar, og i tillegg vedlikehald av system og rutineverk. «Produktivitet premie- og aktuarberekningar» er òg eit internt måltal. Mens «Sjølveteningsgrad» er eit måltal i tildelingsbrevet. Sjølveteningsgraden omfattar alle produkt og tenester, handlar særst mykje om kunde- og medlemsbetening knytt til pensjon.

Utgreiing om personskadeforsikring

→ **Statens pensjonskasse forvaltar fleire erstatningsordningar på vegner av staten. I 2018 betalte vi ut totalt 329 millionar kroner i erstatning. Vi har i hovudsak greidd å levere i tråd med måla samtidig som vi har jobba med å forbetre arbeidsprosessane våre.**

Dette leverer vi

Statens pensjonskasse leverer personskadeordningane på vegner av staten. Desse ordningane er:

- yrkesskadeforsikring, som dekkjer yrkesskade og yrkessjukdom
- gruppelivsordninga, som blir betalt ut som eingongsbeløp til etterlatne ved død
- kompensasjons- og erstatningsordningar for skadde vernepliktige, soldatar og veteranar
- personskadar som er valda av statlege bilar
- personskadar som er omfatta av særavtalar for tenestereiser innanlands og utanlands og for stasjonering i utlandet og andre tariffesta erstatningsordningar for statstilsette tariffestede erstatningsordningar for statsansatte

Samfunnsverdi


Personskadeordningane er med på å sikre medlemmane tryggleik i alle livsfasar. Om uhellet er ute, gir personskadeordningane dei skadelidde eller deira etterlatne ei eingongsutbetaling.

SPK innvilga gruppelivserstatning i 197 saker i 2018. Dette var ein auke på 6 prosent frå 2017. Det er å rekne for ein naturleg variasjon. SPK betalte ut 180 millionar kroner i gruppelivserstatning i 2018. Det er ein auke på 7 prosent, som i hovudsak kjem av auken i saksmengda.

SPK betalte ut 76 millionar kroner i yrkesskadesaker i 2018, mot 77 millionar i 2017. Nivået på utbetalingane er relativt stabilt frå år til år. Vi betalte ut i underkant av 6 millionar kroner etter bilansvarlova og litt over 2 millionar kroner etter særavtalar for reiser for statens rekning og andre særavtalar. I tillegg betalte vi ut 2 millionar kroner i erstatningar til vernepliktige.

SPK betalte ut 62 millionar kroner i erstatningar til veteranar. 45 millionar av desse var knytte til kompensasjonsordninga, og 17 millionar til andre erstatningsordningar for veteranar. I 2017 betalte vi ut 58 millionar

Utvikling i talet på innmelde saker



Kompensasjonsordningane er ordningar for veteranar som var utstasjonerte mellom 1978 og 2009. Dei fleste av søknadene til denne ordninga kom inn i åra etter 2010, då ordninga blei oppretta. Dermed er talet på innmelde veteransaker langt lågare i dag. Totalt blei det meldt inn om lag 1000 saker i 2018.

kroner i erstatningar til veteranane. Utbetalingane auka dermed med 8 prosent frå 2017 til 2018.

Kundane til SPK betalte inn 233 millionar kroner i premie for gruppeliv og yrkesskade.

Produksjon

I 2017 hadde vi kring 1 100 innmelde personskadesaker. I 2018 låg nivået på kring 1 000 nye saker. Hovuddelen av desse er yrkesskadesaker, som utgjorde i overkant av 600 saker.

SPK's eige resultatkrav er at minst 85 prosent av erstatningsbeløpa skal betalast ut innan fire veker, at folk som tar kontakt, skal få svar innan 30 dagar, og utbetalingar av at gruppelivserstatning skal skje innan sju vyrkedagar etter at fullstendig dokumentasjon ligg føre.

I 2018 blei 87 prosent av erstatningsutbetalingane i personskadesakene gjorde innan fristen, og det var 1 brot på utbetalingsgarantien i gruppelivssaker. I periodar har vi dessverre ikkje greidd å halde svarfristen på 30 dagar grunna redusert bemanning. Ved utgangen av 2018 hadde vi 774 saker under arbeid, omtrent på same nivå som i fjor. Talet på avslutta saker ligg òg omtrent på same nivå som i 2017.

Til trass for at kompensasjonsordninga for veteranar frå internasjonale operasjonar no har vore gjeldande i åtte år, får vi framleis inn mange nye saker, og har derfor heile tida sær mange saker til behandling.

Kompensasjonsordninga består av del 1, som gir inntil 35 G* (ca. 3,3 millionar kroner), og del 2, som gir inntil 65 G (ca. 6,2 millionar kroner) i erstatning.

* G står for grunnbeløpet i folketrygda.

Ser vi samla på kompensasjonsordninga del 1 og del 2, har 770 personar søkt erstatning etter 1. januar 2010. Av desse har 54 prosent fått innvilga erstatning på til saman 1,4 milliardar kroner.

27 prosent har fått avslag. Den gjenverande gruppa består av saker som er blitt kategoriserte som lagde vekk – fordi personane det gjaldt, har trekt søknaden eller har latt vere å svare når vi har tatt kontakt.


I 2018 fekk vi inn 48 nye søknader etter kompensasjonsordninga, mens vi avslutta 90 saker.

Medlems- og kundebetening

Avgjerdene vi treffer, skal vere riktige. Ambisjonen vår er å behandle alle saker utan grunnlaust opphald. Dersom det blir opphald i ei sak, kan det komme av fleire ting.

I ei personskadesak må vi ofte hente inn omfattande dokumentasjon – frå fleire partar. Det kan òg ta tid å komme fram til ei avgjerd, fordi det ofte må gå minst eitt år før ein kan vurdere dei medisinske konsekvensane av ein skade. Det kan for eksempel vere nødvendig å bruke tid for å prøve seg i arbeid. Vi legg vekt på å vere i tett dialog med den skadelidde og/eller advokaten til medlemmen undervegs i heile prosessen.

Når det gjeld veteran sakene, det vil seie søknader om kompensasjon for psykiske skadar som følge av internasjonal teneste, blir saksbehandlinga ofte spesielt krevjande. Blant anna fordi det kan vere vanskeleg å fastslå om dårleg psykisk helse kjem av belastning under teneste eller av vanskar seinare i livet.



Vedtaka SPK treffer i veteransaker, kan klagast inn for ei særskild, uavhengig klagenemnd. Vi møter fast i klagenemnda, deltar på konferansar og arbeider for å ha god dialog og forståing mellom partane i desse sakene.

I 2018 har vi jobba med å forbetre arbeidsprosessane våre på ulike måtar. Vi har for eksempel sett at vi i mange tilfelle kan yte betre, og raskare, betening ved å ringe framfor å sende brev eller e-post. Både fordi vi får raskare avklaringsar, og fordi det som regel er enklare å forklare komplisert regelverk over telefon enn i eit brev eller ein e-post.

Gjennom 2018 har vi òg forbetra og brukartesta breva våre. Og vi sende ut den første medlemsundersøkinga til alle som hadde fått avslutta saka si i oktober, november og desember 2018. Vi vil analysere svara og sjå på moglege forbetringstiltak i 2019.



Brukartesting skjer på ulike måtar. Då vi testa ein del nye brev om personskadeforsikring, gjorde vi blant anna dette: Vi flytta oss ganske enkelt ned i kantina. SPK held til i eit fleirbrukshus, og vi deler kantine med fleire ulike verksemdar. På bildet er det rådgivar Hege Skimelid som oppfordrar folk frå «sambuande» verksemdar til å bruke nokre minutt på brevformuleringane våre. Det viste seg at dette enkle tiltaket fungerte godt.

Samla vurdering av resultat – med vekt på produktivitet og kostnadseffektivitet

INTERN PRODUKTIVITETSINDIKATOR KNYTT TIL PERSONSKADESAKER	2016	2017	Mål 2018	Resultat 2018		Kommentar
Tal på forsikringsavgjerder per årsverk i personskadeavdelingane	108	106	108	131	●	Talet på avgjerder har vakse fordi personskadeavdelingane har tatt over behandlinga av gruppeleivsakene.

Vi ser at effektiviteten per årsverk har auka, men at vi i periodar har hatt lengre svartid enn ønskeleg grunna redusert bemanning som følge av sjukefråvær. Totalt sett har vi likevel greidd å levere i tråd med måla.

Utgreiing om lån

→ **Statens pensjonskasse forvaltar bustadlånordninga på vegner av staten. Som eit resultat av tariffoppgjeret våren 2018 blei låneramma utvida frå 1 700 000 til 2 000 000 kroner, og talet på lånesøknader vaks med 37 prosent frå 2017. I juli blei renta sett ned frå nominell 2,178 prosent til 2,080 prosent.**

Dette leverer vi

Medlemmar og pensjonistar kan søke om bustadlån på inntil 2 000 000 kroner med tryggleik i eigen bustad. Vi gir lån til kjøp av bustad, refinansiering og lån til oppussing av eigen bustad.

Samfunnsverdi

SPK har forvalta låneordninga sidan 1966. Bustadlånordninga er ein avtale for statstilsette som er forhandla fram av partane i arbeidslivet, og i 1988 blei avtalen knytt til Hovudtariffavtalen i staten.

Målsetjinga vår er at vi skal ha effektiv og profesjonell forvaltning av låneordninga, og at kundane opplever søknadsprosessen som rask og med gode digitale løysin-

gar. Ved utgangen av 2018 hadde SPK 44 300 lånekundar, mot 49 800 ved utgangen av 2017. Utlånsporteføljen var på 42,8 milliardar kroner per 31.12.2018*. Dette er ein nedgang på 13,2 prosent, målt mot same periode i 2017, men nedgangen er mindre enn året før. Dette heng saman med at låneramma blei utvida, noko som resulterte i fleire lånesøknader.


Produksjon

SPK fekk inn 6 850 søknader i 2018, fordelt på 540 søknader om kjøp av bustad og 6 310 søknader om refinansiering og oppussing. Vi betalte ut 3 742 lån, og gjennomsnittleg utbetalt beløp var på 1 414 000 kroner. Dette var 19,1 prosent fleire lån enn i 2017. Det blei innfridd 9 287 lån, som er ein nedgang på 7,2 prosent sidan 2017.

Mengda lån som blir misleghaldne, er framleis lita og utgjør 0,087 prosent av utlånsporteføljen.

Søknader om bustadlån (både nye lån og refinansiering) skal behandlast innan 14 dagar. Dette målet blei ikkje nådd, sidan kapasiteten ikkje var i tråd med auken i nye lånesøknader. Ved utgangen av året var behandlingstida oppe i 50 dagar. Vi tok grep for å styrke saksbehandlingsskapasiteten.

Utvikling i talet på lånekundar og utlånsvolum



Talet på lånekundar sakk med 11 prosent frå 2017 til 2018, og det totale utlånsvolumet blei redusert med 13,2 prosent i same periode. Talet på søknader om lån auka med 37 prosent frå 2017.

* Samla utlån per 31.12.2018 rapportert til låntakarane er 42,8 milliardar kroner. Bokført utlånsportefølje i årsrekneskapen er basert på kontantprinsippet og er bokført med 42,7 milliardar kroner.

Medlemsbetening

I 2018 sende vi ut tre spørjeundersøkingar om prosessen for å søke lån i Statens pensjonskasse. Målingane viser at 95 prosent av dei som søker lån hos oss, alt i er alt er godt eller særst godt nøgde med søknadsprosessen.

I samband med hevinga av låneramma var det 8 prosent fleire som kontakta SPK i siste halvår enn i same periode i 2017. Årsaka er spørsmål knytte til heving av låneramma. Totalt sett for året var det ein nedgang i talet på folk som kontaktar oss, på 1,3 prosent jamført med året før.

I 2018 oppgir 89 prosent av lånesøkarane at dei har nytta spk.no for å få informasjon om bustadlansordninga, mot 91 prosent i 2017. Gjennomsnittleg samtaletid med kundebehandlar på kundesenteret blei redusert med 5 prosent. Årsaka til nedgangen er enklare spørsmål knytte til heving av låneramma og spørsmål knytte til behandlingstider.

Den største endringa i korleis medlemmane tar kontakt med SPK, er på chat. Totalt sett fordeler kontakten om bustadlansordninga seg slik: 62 prosent på telefon, 19 prosent på e-post og 19 prosent på chat.

Vurdering av resultat – med vekt på produktivitet og ressursbruk

Som resultat av utvida låneramme og redusert rente fekk vi inn 37 fleire lånesøknader i 2018 enn i 2017.

Det har vore heilt sentralt å få på plass riktig bemanning for å møte pågangen av nye lånesøknader. Det siste halvåret av 2018 har vi arbeidd med rekruttering og opplæring. Vi ventar at behandlingstida vil gå ned mot målkravet i byrjinga av 2019.

Produktivitetsindikator

I tillegg til mål- og styringsparametrane i tildelingsbrevet (sjå kapittel 3.2) har vi våre egne, interne måltal for produktivitet.

SPK har innført gode digitale løysingar for medlemmane våre når dei skal søke lån. Dette har gjort søknadsprosessen enklare for medlemmen og har bidratt til å effektivisere delar av lånesaksbehandlinga. Totalt sett for året ligg vi likevel under produktivitetsmålet, men det kjem av at vi i siste halvår har gjennomført mykje opplæring av nye ressursar i samband med auken i saksmengda.

Lånekundane vår er veldig tilfredse, men vi ser at forventningane blir høgare etter kvart som nye produkt og tenester blir utvikla i samfunnet elles. Basert på dette er det framleis element vi kan digitalisere ytterlegare. For eksempel når det gjeld digital innhenting av offentlege data til bruk i søknadsbehandlinga.

95 prosent av lånesøkarane er godt eller særst godt nøgde med søknadsprosessen.

INTERN PRODUKTIVITETSINDIKATOR KNYTT TIL LÅN	2016	2017	Mål 2018	Resultat 2018		Kommentar
Produktivitet bustadlån Porteføljeaktivitet per årsverk per år. (Snitt-talet på saker per månad i heile forvaltninga, både forvaltning av løpande portefølje og behandling av søknader.)	67,2	108	88	85	●	Noko bak målkravet. Årsaka er opplæring av nye ressursar siste delen av 2018.

Andre aktiviteter og tiltak

→ **Dei førre delkapitla handlar om aktiviteter og resultat som er knytte til spesielle produkt og leveransar. I dette delkapittelet tar vi fram andre sentrale aktiviteter og resultat som er knytte til Statens pensjonskasse som heilskap.**

Nye personvernreglar

Den nye personopplysningslova tok til å gjelde 20. juli 2018. Den nye lova er ei direkte følge av EUs nye forordning for personvern (General Data Protection Regulation), òg kalla GDPR. SPK var rimeleg godt førebudde på lovendingane. Personvernombod er på plass.

Elles har vi oppdatert malar, retningslinjer og rutinar for å gjere risiko- og sårbarheitsanalysar, og vi har fått på plass innsynslogging for IT-løysingane våre.

Men arbeidet med å sikre at verksemda vår alltid er i tråd med personvernreglane, er krevjande. Det er ein kontinuerleg prosess, og vi jobbar framleis med tiltak. Dokumentasjonen av behandlingane våre må bli betre, og vi må sørge for at godt og innebygd personvern blir ein del av konsept- og utviklingsløpa våre.

Som følge av GDPR og ny personopplysningslov treng SPK òg nye og meir presise lovheimlar for å kunne skjøtte samfunnsoppdraget vårt. Det er no arbeid i gang for å endre lovane og forskriftene våre.

Kompetanse på området informasjonstryggleik og spesielt personvern er òg ein vesentleg del av dei tiltaka som er

identifiserte, og som det blir jobba med. Dette arbeidet held vi fram med framover.

Rekruttering og oppfølging av medarbeidarar

Vi har engasjerte medarbeidarar, og sjukefråværet har gått ned. Dei største utfordringane i 2018 har vore knytte til rekruttering.

I 2018 har rekrutteringsprosessen blitt styrkt gjennom bruk av testverktøy. Dette har gitt leiarane våre betre grunnlag for å ta gode avgjerder. Vi opplever at SPK i dei fleste stillingsutlysingane våre tiltrekker oss mange og gode søkarar. Men vi ser at det er krevjande å få fylt enkelte spesialstillingar og IT-stillingar.

Sjukefråvær

I SPK jobbar vi målretta med å få ned sjukefråværet, og dette har gitt gode resultat i 2018. Det legemelde sjukefråværet var i 2018 på 3,3 prosent. Det samla sjukefråværet er redusert frå 5,8 prosent i 2017 til 5,0 prosent i 2018.

Dette er ein nedgang på 14 prosent, som vi er særst nøgde med. Vi gir leiarane våre opplæring og rettleiing om sjukefråvær, den vanskelege samtalen, medverknadsplikt

og kor viktig det er med ein open og god dialog. I tillegg arbeider vi systematisk med tilrettelegginga og bruken av lokala våre.

Aktuelle tal

Gjennomsnittleg årsverk i 2018 var 375. Dette er ein oppgang på 5 årsverk frå 2017. Ved utgangen av 2018 hadde vi 374 årsverk.

Fordelinga av kvinner og menn i SPK var på høvesvis 56 og 44 prosent. Vi hadde 62 prosent kvinnelege leiarar. Ca. 15 prosent av medarbeidarane våre har innvandrarbakgrunn.

Utvikling av organisasjonen

I perioden 2017–2018 har endringsleiing vore eit viktig tema i leiarutviklingsarbeidet vårt. Vi har vore opptatt av framtidens arbeidsliv og kva for moglegheiter og utfordringar det kan gi. SPKs årlege interne medarbeidarprogram hadde òg dette som dette.

I det interne medarbeidarprogrammet vårt inviterer vi medarbeidarar som ønsker å lære meir om medarbeiderskap og organisasjonsutvikling. I 2018 var det niande gongen vi gjennomførte dette programmet i organisasjonen, og totalt 146 medarbeidarar har deltatt.

Medarbeidarundersøking

Heilt i starten av januar 2019 gjennomførte vi ei større medarbeidarundersøking. Dette er undersøkinga Difi har fått utvikla for statlege verksemdar. Det gir oss gode høve til jamføring.

Undersøkinga viste at vi har ein organisasjon som skårar høgt på engasjement og gjennomføringsevne. I tillegg viser

resultata frå undersøkinga at medarbeidarane våre opplever god støtte i arbeidet frå både leiarar og kollegaer.

I 2018 starta vi implementeringa av Office 365. Dette er etablert som eit samhandlingsprosjekt der utviklinga av organisasjonen står sentralt.

IT-verksemda vår er smidig og «utanfrå og inn»

Dagleg drift

For å vere godt rusta til prosjektperioden vi går i møte, har vi gjort fleire tekniske oppgraderingar i 2018, blant anna har vi skifta databaseplattform. No har vi ein framtidsretta databaseteknologi som gir oss store fordelar i utviklingsarbeidet, og som allereie i 2018 reduserte lisenskostnader og forenkla drift og forvaltning.

Vi har òg innført nye rutinar for utvikling og gjort tilpassingar i IT-løysingane for å oppfylle krava i den nye personopplysningslova.

Tilgjengelegheita og driftsstabiliteten har vore god gjennom heile året med unntak av éi kritisk hending i januar 2018. Både eksterne og interne tenester var påverka då det oppstod brot på den eksterne nettverkslinja til SPK. Ein feil hos nettverksleverandøren førte til at sekundærlinja vår heller ikkje fungerte.

Etter denne hendinga hadde vi tett dialog med leverandøren vår for å hindre at denne typen feil oppstår på ny.

Parallelt med dagleg drift og andre oppgåver har vi gjennomført ei større oppbemanning i utviklingsteama for å takle oppgåvene i pensjonsprogrammet Pro 25.

Vår erfaring er at det er kostnadseffektivt å teste ut ein minimumsversjon på brukarane i ein tidleg fase av prosjektet.

Smidigare og meir tverrfaglege

Smidig utviklingsmetodikk og tett samarbeid mellom IT og forretning var suksessfaktorar i Perform – det store utviklingsprosjektet som sette oss i stand til å handtere pensjonsreforma i 2011.

No er vi inne i ein ny, stor reformperiode, samtidig som krava til effektive og brukarvennlege løysingar har blitt skjerpa (les meir om dette i kapittel 5). Vårt svar på desse utfordringane er å bli endå smidigare og endå meir tverrfaglege.

Vi jobbar kontinuerleg med å skape endå meir sjølvstyre i teama våre. Med rett kompetanse og større avgjerdsrett blir arbeidet i teama meir effektivt. Vi går òg vekk frå dei tradisjonelle bestillar-/leverandørrollene i IT-utvikling, fordi teamet har fått eit felles ansvar for å lage nye løysingar og for å forvalte dei etter at dei er tatt i bruk.

Skiljelinjene mellom forretning og IT blir viska ut gjennom eit tett dagleg samarbeid der begge partar lærer av kvarandre. Tilsvarande blir òg skiljelinjene mellom prosjekt og drift viska ut.

Brukarane testar tidlege versjonar

SPK har komme langt med å effektivisere tenesteproduksjonen. Målet er heile tida å tilby meir effektiv kundehandtering og å kutte kostnader i saksbehandlinga. Vi fokuserer på brukarbehov og digital kundeoppleving – «utanfrå og inn»-perspektivet. Og vi ser at tenestedesign er ei form for kompetanse som blir viktigare og viktigare.

For å sjå SPK gjennom auga til interne og eksterne brukarar og for å sikre at vi legg innsatsen på dei rette

oppgåvene, har vi tatt i bruk nye metodar som går ut på å levere stadig meir funksjonalitet i kontinuerlege leveransar.

I 2017 starta vi med lynleveransar. Det betyr at eit utviklingsteam som har laga og testa ein ny funksjonalitet, sjølv kan setje han i produksjon. Dette går «lynraskt» jamført med for nokre år sidan, då vi hadde eit fåtal større leveransar i året.

I 2018 gjekk vi eit hakk lenger. Når vi skal utvikle heilt nye løysingar, bruker vi ein metode som går ut på å levere ei minimumsløysing – det vil seie den enklaste løysinga som fungerer godt nok til at den kan bli tatt i bruk og testa. (Metoden heiter MVP – minimum viable product.)

Eit eksempel

Historia om simuleringsløysinga er eit godt eksempel på korleis vi arbeider.

Kundesenteret i SPK bereknar pensjon for medlemmar som ringer og har spørsmål omkring pensjonen sin. Dette gjer dei ved hjelp av ei simuleringsløysing. Med nytt regelverk må denne simuleringsløysinga byggast ut, slik at kundesenteret kan gi svar som er baserte på dei nye reglane.

Den første versjonen av simuleringsløysinga blei rulla ut til seks pilotbrukarar på kundesenteret. Vi hadde allereie testa at denne tidlege versjonen av simuleringsverktøyet gav rett svar, men vi ønskte å finne ut om det var brukarvennleg nok – om det var eit effektivt arbeidsverktøy.

Allereie tidleg i opplæringa av pilotbrukarane såg vi at vi var på feil kurs. I staden for å rulle løysinga ut til fleire

pilotbrukarar bestemte vi oss derfor for å skrive om brukargrensesnittet.*

Ein ny og meir brukarvennleg versjon vil bli tatt i bruk av eit fåtal pilotbrukarar i januar 2019, før verktøyet blir tilgjengeleg for alle kundebehandlarane våre. Når vi synest løysinga er brukarvennleg nok, vil vi bygge ho ut vidare slik at bruksområdet blir større.

Vår erfaring er at det var kostnadseffektivt å teste ut ein minimumsversjon på brukarane i ein tidleg fase av prosjektet. Det blir monnaleg færre endringar i ombygginga av ein minimumsversjon enn i ombygginga av ein fullversjon.

Ei anna positiv erfaring frå denne måten å jobbe på er mindre behov for innføring og opplæring. Tidlegare måtte tilsette i linja lære seg mykje nytt på kort tid når det kom leveransar frå prosjekta. No lærer linja undervegs ved at dei tar i bruk små delar av løysinga om gongen – samtidig som dei kjenner seg tryggare på at løysingane dei får, gir ein betre arbeidskvardag.

Kunde- og medlemstilfredsheit

Det er eit bevisst mål å bygge ein «utanfrå og inn»-kultur der tilbakemeldingar frå kundar og medlemmar er viktige drivarar i forbetningsarbeidet.

I 2018 tok vi for fullt i bruk ny metodikk for gjennomføring av undersøkingar om kor tilfredse kundar og medlemmar er, i tråd med beste praksis i marknaden. Den nye metoden inneber at vi måler kvartalsvis korleis kundar og medlemmar opplever tenestene dei får levert frå oss.

Tidlegare hadde vi éi stor, årleg undersøking, noko som

* *Brukargrensesnitt: grensesnittet som gjer at ein brukar kan kommunisere med ei maskin.*

gjorde det vanskelegare å utvikle tiltak raskt nok når vi fekk tilbakemeldingar som gjorde det nødvendig med ei forbetring.

Då vi endra metodikk, måtte vi òg endre kriteria for å måle samla tilfredsheit. 2018 er det første heile året med nye måleparametrar og dermed nytt målingspunkt for å følge årleg utvikling i tilfredsheit.

Internt har vi ønskt å skape større forståing for kor viktig det er med regelmessige målingar, slik at vi kan følge utviklinga og tilpasse tiltak i tråd med resultat og funn.

Vi har brukt resultatata frå undersøkingane til blant anna å forbetre brev der vi ser at medlemmane ikkje synest vi har skrive i eit klart og forståeleg språk. Vi har òg fått tilbakemelding om at søknadsprosessen for uførepensjon har vore vanskeleg å forstå. I 2018 har vi jobba aktivt med å forbetre informasjonen. Vi ser òg på sjølve søknadsskjemaet.

Kundetilfredsheit

I tildelingsbrevet for 2018 står det at medlems- og kundetilfredsheita skal vere like god som året før. Målalet er endra, så det er ikkje så lett å jamføre med 2017. Men tilbakemeldingane betyr på at det ikkje er nokon store endringar i kor tilfredse brukarane er.

I 2018 hadde vi eit mål om 80 prosent kundetilfredsheit, og vi ligg så vidt under, men ein tilfredsgrad på 79 prosent.

Den eksterne undersøkinga utført av Aalund bedriftspensjonsbarometer (ei uavhengig bransjeundersøking av den norske tenestepensjonsmarknaden) stadfestar at vi har eit godt omdømme. Vi er særskilt nøgde med at vi blir

vurderte som best på utsegna «alt i alt hvor fornøyd er du med pensjonsleverandøren».

Medlemstilfredsheit

Medlemsundersøkinga viser at medlemmane er stabilt tilfredse med oss. I 2018 har vi ein tilfredsgrad på 82, som er noko over målalet på 80 prosent. Medlemmar som har deltatt på dei ulike kursa våre, og medlemmar med bustadlån er spesielt godt nøgde med korleis dei opplever SPK.

I Kantar TNS' omdømmemåling for offentlig sektor er vi blant dei verksemdene med best omdømme.

Sjå òg resultattabellen i kapittel 3.2.

Klart språk

SPK skal sørge for at tenester og informasjon er tilpassa behova til medlemsverksemdene og medlemmane. Vi skal bidra til gjennomføring av reformer, ha særskilt tilfredse kundar og medlemmar, høg sjølvbeteningsgrad og høg effektivitet.


Eit klart og effektivt språk er ein føresetnad for at vi skal nå desse måla. Det er òg viktig at vi samarbeider godt med eksterne samarbeidspartnarar og andre aktørar i tenestepensjonsmarknaden, slik at vi har felles forståing av ord og omgrep.

Det er viktig både for datautvekslinga oss imellom og for å gi einskaplege budskapar ut til publikum.

Språksamarbeidet med KLP og NAV har vore i gang gjennom heile 2018. Språkgruppa, som blei etablert i 2017, har hatt jamlege møte. Hovudtemaet dette året har vore å bli

samme om kva vi skal kalle – og korleis vi skal forstå – dei ulike behaldningane som har dukka opp i samband med det nye samordningsregelverket. Det har vore særskilt viktig for SPK å få på plass ei felles forståing av behaldningsomgrepa, fordi vi er i ferd med å implementere nytt regelverk i saksbehandlingsverktøyet vårt. I det nye samordningsregelverket står ulike behaldningsomgrep sentralt.

Internt har vi tilbode skreddarsydd klarspråkskurs til ulike einingar. Kurset bygger på e-læringskurset «Den gyldne pennen» frå Difi.



Det er viktig at vi samarbeider med andre aktørar, slik at vi har felles forståing av ord og omgrep.

Kapittel 4:

Styring og kontroll av verksemda



Styring og kontroll

→ **Statens pensjonskasse har god styring og kontroll på verksemda. Òg i 2018 nådde vi alle vesentlege resultatkrav fagdepartementet vårt har fastsett. Det har ikkje blitt identifisert nokon vesentlege brot i internkontrollen vår, eller frå intern revisor, og vi fekk rein beretning frå Riksrevisjonen.**

Etatsstyring

Det er god styringsdialog mellom Arbeids- og sosialdepartementet (ASD) og SPK. Vi har hatt tre ordinære etatsstyringsmøte med gjennomgang av årsrapport og tertialrapportar, i tillegg til fleire sær møte om SPKs pensjonsprogram Pro 25.

Dei mest sentrale temaa i styringsdialogen med departementet i 2018 var:

- pensjonsprogrammet Pro 25
- vidareutvikling og implementering av modernisert premiesystem og avkastningsmodell
- vidareutvikling av pris- og kostnadsmodellen vår

Korleis vi driv styring og kontroll

Heilskapleg verksemdsstyring

SPK har etablert ei heilskapleg tenking om verksemdsstyring i SPK, der vi styrer mot både kortsiktige og lang-siktige mål. For å vareta heilskapsperspektivet har vi integrert mål- og resultatstyring med risikostyring og tiltaksstyring. Vidare held vi fram med å integrere prosessdimensjonen i den heilskapelege styring. I den interne rapporteringa er vi dermed opptatt av å vise korleis alt heng saman: mål- og resultatstyring, økonomistyring, risikostyring, porteføljestyling og prosesstyring. Alle utviklingsaktivitetane våre inngår i SPKs porteføljestyling.

Økonomistyring

SPKs eksterne økonomirapportering er basert på dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) i tillegg til ordinær rapportering til statsrekneskapen i tråd med kontaktprikket. Den interne økonomioppfølginga er basert på dei periodiserte rekneskapane. Resultata blir følgde opp mot årlege, periodiserte budsjett, supplerte med kostnadsanalyser på kundegruppe- og produktnivå.

SPKs prosjekt og andre utviklingsaktivitetar blir løpande følgde opp som ein integrert del av resultatrapporteringa frå forretningsområda til toppleiinga.

Risikostyring inkl. internrevisjon

Risikostyring i SPK er etablert etter prinsippet om tre forsvarslinjer. Første forsvarslinje består av alle område-direktørar og anna leiding i forretningsområda og utgjer den daglege risikostyring. Andre forsvarslinje består av ein sentral risikostyringsfunksjon med fagansvar og ansvar for overordna risikooppfølging, som er uavhengig av linja. Tredje forsvarslinje er internrevisjonen, som rapporterer til administrerande direktør.

Vi har tertialvise risikogjennomgangar på kvart forretningsområde og samla for SPK, der risikoar blir vurderte opp mot strategiske mål, etterleving av lover og reglar og påliteleg rapportering.

Risikovurdering av utviklingsprosjekt og tryggleik og beredskap er basert på same metodikken som anna risikostyring i SPK. Vidare utarbeider vi halvårsplanar for internrevisjon og gjennomfører fire til seks internrevisjonsprosjekt i året.

Tryggleik og beredskap

Det operative ansvaret for tryggleik og beredskap ligg i linja og følger av behandlingsansvar og systemeigarskap. I tillegg har SPK eit tryggleiksråd – eit tverrfagleg organ som

understøttar toppleinga i avgjerder og prioritering av tiltak som gjeld tryggleik og beredskap.

Aktivitatar i 2018

I andre halvår 2018 sette SPK i gang eit strategiarbeid for perioden 2019–2023. For å sikre gjennomføringskrafta i pensjonsprogrammet Pro 25 etablerte vi 1. september eit nytt forretningsområde for program- og prosjektutvikling i SPK.

Dessutan held vi fram med det kontinuerlege forbetningsarbeidet og vidareutviklar retningslinjer, prosedyrar, styringsmetodar og verktøy baserte på beste praksis.

Økonomistyring

På økonomistyringsområdet har dei viktigaste utviklingsaktivitetane i 2018 vore planlegging og tilrettelegging for økonomisk oppfølging av prosjekta under pensjonsprogrammet Pro 25, og tilpassing/vidareutvikling av pris- og kostnadsmodellen.

Tryggleik og beredskap

Som i fjor blei mykje av tryggleiksarbeidet i 2018 retta mot GDPR (General Data Protection Regulation) og konsekvensane denne EU-forordninga får for saksbehandling og systemløyningar i SPK. Ei rekke tiltak er gjennomførte i løpet av året for å bringe system og prosessar i tråd med nytt lowverk. [Les meir om dette i kapittel 3.3.4.](#)

I 2018 evaluerte vi organiseringa av tryggleiksarbeidet i SPK. Som følge av dette har vi vedtatt å gjere enkelte organisatoriske grep: Det tverrfaglege tryggleiksrådet vil bli lagt ned og skal erstattast av ein permanent seksjon i IT-området med tilsvarande bemanning og mandat. Endringa blei vedtatt ved utgangen av 2018 og vil bli gjennomført i løpet av 2019. Når det gjeld beredskap, gjennomførte SPK ei varslingsøving for

heile organisasjonen, og innan brannvern blei det gjennomført éi planlagd evakueringsøving.

Resultat i 2018

Resultat og leveransekrav

SPK nådde alle vesentlege mål, resultatkrav og leveransekrav ASD fastsette i det årlege tildelingsbrevet, med unntak av behandlingstid på lån, der høgare låneramme og lågare lånerente førte til større søknadsmengd enn vi hadde kapasitet til å behandle.

I 2018 har vi gjennomført alle vesentlege utviklingstiltak i tråd med planen. Det mest sentrale tiltaket i 2018 var å setje i gang pensjonsprogrammet Pro 25, og det som har vore vektlagt i 2018, er å implementere nye samordningsreglar for årskulla 1954–62. Les meir om utviklingstiltaka våre i [kapittel 3.1](#) og [3.3.1](#).

Risikostyring og internrevisjon

Risikoane til SPK er i stor grad knytte til gjennomføringa av pensjonsprogrammet Pro 25, det vil seie i kva monn vi har kapasitet til å levere planlagt omfang for dette, og om vi har tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse. Å tilfredsstillere informasjonsbehovet til medlemmar når regelverket ikkje er vedtatt, er òg utfordrande. Og vidare har vi høg driftsrisiko som følge av innretninga av dagens avkastningsmodell.

Gjennom året har vi gjennomført fleire internrevisjonsaktivitatar, blant anna gjennomgang av innkjøpsprosessen, varslingsordninga vår og avgjerdsprosessane våre. Konklusjonen til internrevisoren er, som tidlegare år, at SPK har eit modent og godt regime for internkontroll, og at det er på plass planverk, budsjett, styringsdokument og rapporteringar som dekker breidda av organisasjonen.

Tryggleik og beredskap

Vi vurderer tryggleikssituasjonen i SPK som tilfredsstillande og totalt sett relativt uforandra jamført med føregående år. SPK gjennomfører kontinuerleg større og mindre tiltak for å forbetre tryggleiken. Samtidig ser vi ei stadig endring i trusselbildet, og krava til tryggleik er blitt strengare. Vi meiner balansen mellom dei forbetningsbehova vi har sett, og dei tiltaka vi har gjennomført, er tilfredsstillande.

SPK hadde ingen alvorlege eller kritiske hendingar knytte til personvern eller informasjonstryggleik i 2018. Men: Vi hadde éi alvorleg forstyring av drifta. Denne blei handtert slik at den ikkje fekk vesentlege følger for evna vår til å produsere løpande tenester til kundane og medlemmane våre. Hendinga førte ikkje til nokon fare for brot på konfidensialitet eller integritet i behandlingane våre.

Riksrevisjonen

Interimsrevisjonen hausten 2018 gjekk blant anna gjennom prosessar i samband med pensjon, personskade og bustadlån. Vi fekk rein revisjonsmelding frå Riksrevisjonen.

Frå fellesføringar

I tråd med fellesføringa om inkluderingsdugnad i staten har SPK tilsett éin medarbeidar med hol i CV-en sidan 01.07.2018, som svarer til 6,25 prosent i perioden. [Sjå nærmare omtale i vedlegg bakerst i rapporten.](#)

Når det gjeld fellesføringa for å motverke arbeidslivskriminalitet hos underleverandørar, har vi i 2018 innført nye rutinar for inngåing og oppfølging av kontraktar. Undersøkingar hos leverandørane våre har ikkje avdekt noko urovekkande. [Sjå nærmare omtale i vedlegg bakerst i rapporten.](#)

Kapittel 5:

Vurdering av framtidsutsikter



Når ei samfunnsreform treffer ein teknologisk revolusjon, gjeld det å halde hovudet kaldt

→ **Per er fødd i 1954. Han kan gå av med alderspensjon i 2021, og det er like om hjørnet. Vår viktigaste plikt er å sørge for at vi er i stand til å levere pensjonen hans. Den store utfordringa – både på kort og på lang sikt – er å velje rett måte å gjere det på.**

Når vi skal illustrere framtidsutsiktene til Statens pensjonskasse, er det naturleg å ta utgangspunkt i ein medlem, og det er naturleg å velje ein medlem i 54-generasjonen. Ganske enkelt fordi det nye samordningsregelverket (som kom i juni 2018) og ny offentlig tenestepensjon (som nærmar seg sluttbehandling) gjeld for dei som er fødde i 1954 og seinare.

Heilt frå 2011, då vi fekk nye oppteningsreglar i folkestrygda, har vi visst at den verkeleg store reformjobben for oss er knytt til innføringa av ny offentlig tenestepensjon. Vi har førebudd oss på ei framtid med mange parallelle regelverk og tilleggsføresegner – som er nødvendig fordi reglar for pensjonsopptening ikkje er noko som kan endrast over natta.

Med avtalen som blei inngått mellom Arbeids- og sosial-

departementet og partane i arbeidslivet, blei det klart: Der vi før snakka om éin offentlig alderspensjon, snakkar vi no om fire hovudvariantar. [Sjå figuren på neste side.](#)

Den viktigaste oppgåva for Statens pensjonskasse akkurat no er å få desse regelverka inn i saksbehandlingssystem og berekningsverktøy i tide.

For å få til det har vi etablert pensjonsprogrammet Pro 25, som skal gå heilt fram til 2025, og som har desse målsetjingane:

- levere til riktig tid
- levere riktig kvalitet
- levere så kostnadseffektivt som mogleg

Utfordring nummer éin handlar om balanse

Å levere til riktig tid er ikkje noko å diskutere. Dersom Per vel å pensjonere seg i 2021, skal vi vere i stand til å betale ut pensjonen hans frå den augneblinken han vel å slutte å jobbe. Men samtidig skal drygt 300 000 eksisterande pensjonistar ha utbetalingane sine.

Reformer skjer ikkje i eit vakuum. Dei vanlege pliktene våre forsvinn ikkje sjølv om vi er midt i ei reformtid, og ei

hovudutfordring dei nærmaste åra blir å sørge for den rette balansen mellom utvikling og dagleg drift (les meir om dette i kapittel 1, melding frå leiaren).

Utfordring nummer to handlar om kompleksitet


Same kva slags produkt vi snakkar om, skjer det noko med både produksjonsapparatet og informasjonsapparatet når produktet plutselig oppstår i fleire ulike variantar. Det blir fleire produksjonslinjer og fleire målgrupper å jobbe med.

Dersom det blir for mange ulike variantar, kan ei kommersiell verksemd bestemme seg for å droppe dei variantane som ikkje lønner seg ressursmessig.

Slik er det ikkje med pensjon.

Når vi no går frå éin til fire hovudvariantar av offentlig tenestepensjon, pluss fleire undervariantar, kan vi ikkje kutte ut variantar som krev ekstraordinær ressursinnsats. For eksempel fordi dei gjeld så få eller er så komplekse at det berre er delar av saksbehandlingsprosessen som lar seg automatisere.

→ Frå éin til fire variantar av offentlig alderspensjon



Tal på personar som blir påverka av dei ulike regelverksendingane

	Til og med 1953	1954–1958	1959–1962	1963–2100
Tal på medlemmar i arbeid og medlemmar med rettar frå tidlegare arbeidsforhold	40 700	82 000	78 600	597 000

Figuren viser korleis SPK-medlemmane er fordelte i dei ulike aldersgruppene. Figuren er basert på informasjon som var kjent per 31.12.2018.

Eit eksempel

I saksbehandlingssystemet vårt har vi ulike sakskategoriar. Innanfor dei ulike sakskategoriene finst det ulike arbeidsoppgåver, men det er ikkje alle saker som krev at vi utfører alle oppgåvene, for å løyse dei – vi har altså ulike saksgangar innanfor kvar kategori. I 2018 hadde vi 2805 saker i kategorien «nytilgang alderspensjon». Og allereie i dag, med dagens regelverk, har vi identifisert 161 ulike saksgangar innanfor denne kategorien – altså 161 ulike måtar å løyse «nytilgang alderspensjon»-sakene på. Med så mange variablar seier det seg sjølv at automatisering blir komplisert.

I dag er 72 prosent av alle oppgåvene i saksbehandlinga av pensjonar automatiserte. Vi har som mål å oppretthalde den same høge automatiseringsgraden som vi har i dag – trass i at kompleksiteten vil auke. For å nå dette målet er vi nøyde til å utnytte alle moglegheitene informasjonsteknologien kan gi oss.

Vi må heile tida kjenne til kva som finst av moglegheiter, og vi må evne å velje riktig både på kort og på lang sikt. Kort sagt: Vi må følge med i timen.

Utfordring nummer tre handlar om forventningar

Sidan første dagen, det vil seie i drygt 100 år, har det vore ei soleklar forventning at Statens pensjonskasse skal levere rett pensjon til rett tid. For nokre generasjonar sidan innebar det at pensjonistane sjølv møtte opp og fekk utdelt ein konvolutt med pengar. Dei forventa at innhaldet i konvolutten var rett.

Per, som er fødd i 1954, har langt fleire forventningar. Det er ikkje rart, sidan han òg har langt fleire moglegheiter å velje mellom. Han kan for eksempel ta ut fleksibel alderspensjon frå folketrygda eller gå av med AFP, og han forventar å få hjelp til å forstå kva som lønner seg å gjere, og når.

Forventningane frå generasjonane etter Per er endå større. Fordi det finst fleire regelverk å halde orden på, og fordi dei har vakse opp med at informasjon er noko som finst nokre tastetrykk unna.

Det betyr ikkje at vi pensjonsleverandørar må hive oss på dei siste og fiksaste beteningsløysingane. Men vi må jobbe annleis enn før. Forventningane til tilgjengeleg, rask og korrekt informasjon veks raskare enn nokon gong. Det er òg ei forventning om at vi sikrar effektiv drift i det vi skal levere framover – i ei tid der regelverket blir meir krevjande både å formidle og å forvalte.

Kva er svaret?

Det finst ikkje eitt svar på kva vi skal gjere for å handtere dei utfordringane vi vil møte i dei nærmaste åra. Men eitt av mange svar er at vi må samarbeide med andre aktørar. Og vi må ha solid innsikt i kva medlemmane våre forventar av oss.

Eit anna svar er at vi må evne å utnytte moglegheitene dei teknologiske nyvinningane gir, både i utvikling av eigne system, saksbehandlingssystemar og beteningsløysingar for medlemmane. I SPK ser vi for eksempel på om bruk av kunstig intelligens kan gi oss nokon forretningsgevinst. Eit område vi vil sjå nærmare på, er bruk av kunstig intelligens i kvalitetssikringa av pensjonsutbetalingar.

Målet er effektivitet og høg kvalitet på alt vi leverer.

Det gjeld ikkje minst pensjonen til Per og alle andre som kan ta ut ny offentlig tenestepensjon i 2021.

Vi har berre tida og vegen.

Kapittel 6:

Årsrekneskap



Rekneskap

→ **Statens pensjonskasse har i 2018 inntektsført samla 13,3 milliardar kroner og utgiftsført 10,8 milliardar kroner i løvingsrekneskapen. Dette gir eit positivt bidrag på 2,5 milliardar kroner, som er 17 prosent lågare enn tilsvarande løyving. Den viktigaste forklaringa på avviket er at utbetalingar av nye lån og refinansieringar frå bustadlånsordninga blei høgare enn forventa i siste del av året.**

*Resultatrekneskapen viser brutto storleikar innanfor dei ulike ordningane:**

Pensjon: Pensjonspremien er auka med 1,8 milliardar kroner jamført med 2017. Auken kjem av lønns- og bestandsvekst og at høgare vekst i grunnbeløpet i folketrygda gav høgare reguleringskostnader for pensjonistar og oppsette rettar. Pensjonsutbetalingane har på si side auka

med netto 1,1 milliardar kroner, i hovudsak som følge av at grunnbeløpet i folketrygda auka med 3,47 prosent, og auken i talet på pensjonistar på 2,8 prosent på årsbasis. Samla pensjonsforpliktingar har stige frå 522 til 543 milliardar kroner. I tråd med statlege rekneskapsstandardar blir ikkje forpliktinga balanseført.

Lån: Samla utlån har falle med 6,4 milliardar kroner til 42,7 milliardar kroner. Dette har ført til at rente- og gebyrinntekter er redusert med 198 millionar kroner, til 1 milliard kroner. I 2018 auka maksimalt lånebeløp til 2 millionar kroner. Samtidig blei rentenivået i forhold til marknaden noko meir konkurransedyktig i løpet av året. Dette bidrog til at fallet i utlånsporteføljen blei noko lågare enn i 2017.

Personskade: Yrkesskade- og gruppelivsordningane viser ei svak endring i premienivå. Utbetale personskade- og gruppelivserstatningar viser òg berre ei svak endring jamført med 2017.

Administrasjon

SPK leverte i 2018 eit samla resultat på 106,3 millionar kroner, som er 33,3 millionar kroner svakare enn i 2017. SPK oppnådde kravet til kontant driftsresultat kapittel 2470 på 18,2 millionar kroner og avsetjingar til investeringsformål på 75 millionar kroner. Det er vidare sett av 23,8 millionar kroner til reguleringsfond og trekt 10,7 millionar kroner frå annan verksemdskapital.

SPK hadde ein svak auke i omsetninga med 1,5 millionar kroner. Stadig veksande volum på forvaltning av nye og løpande pensjonar, pluss høgare inntekter på kapitalforvaltning, gav ein inntektsvekst på 9 millionar kroner. I motsett retning trekte lågare volum på administrasjon av statens bustadlånsordning og personskadedekningane.

Samla driftskostnader auka med 37 millionar kroner. Lønnskostnadene auka med 22,5 millionar kroner, primært som følge av ei «normalisering» av pensjonspremien som var ekstraordinært låg i 2017. Bemanninga var marginalt høgare enn i 2017, og lønnsveksten blei halden på linje med ramma i lønnsoppgjeret på 2,8 prosent årslønnsvekst.

Avskrivningane auka med 2,4 millionar kroner, som følge av nyutvikla programvare for handtering av nytt pensjonsregelverk, og tekniske investeringar.

* Rekneskapen viser alle ordningar unntatt Pensjonsordninga for apotekverksemd. For forklaring av heilskapen, sjå note 10..

Andre driftskostnader auka med 12 millionar kroner. SPK aukar konsulentbruken samla med vel 7 millionar kroner, der det vesentlege er knytt til førebuingar og utviklingar av IT-system for handtering av nytt pensjonsregelverk. Førebuingar til reformperioden har vidare gitt kostnadsaukar knytte til lokale, IT-utstyr og kompetanseutvikling.

Finanskostnadene er reduserte med 2,1 millionar kroner som følge av nedbetalingar av lånesaldo og redusert rentenivå.

Årsrekneskapane er avlagde i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement, og gir etter mi vurdering eit rettvisande bilde av SPKs økonomiske status, resultat av verksemda i 2018, og dei kontane løyvingane og transaksjonane.

SPK blir revidert som statleg forvaltningsbedrift av Riksrevisjonen.

Finn Melbø
Administrerende direktør

Verksemdsrekneskapar, rekneskapsåret 2018, for:

Statens pensjonskasse

Organisasjonsnummer 982583462 og 974760967

Jernbanens Pensjonskassefond

SPK har internt delt rekneskapen i «SPK forvaltning» (administrasjonsdelen) og «SPK forsikring» (pensjons-/låne- og forsikringsordningane). Dei to rekneskapane er registrerte med separate organisasjons- og rekneskapsførarnummer, men blir avlagde samla.

Rapporten inkluderer òg rekneskapen for Jernbanens Pensjonskassefond.

Pensjonsordninga for apotekverksemd avlegg eigen årsrapport.

Nærmare forklaringar av innretning og oppstilling går fram av prinsippnoten.

Inntekts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskap 2018	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3614	Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse	90	Tilbakebetaling av lån	A	12 000 000 000	11 807 626 760	-192 373 240
3614	Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse	01	Gebyrinntekter lån	A	23 000 000	23 764 482	764 482
3615	Yrkesskadeforsikring	01	Premieinntekter	A	122 000 000	122 881 220	881 220
3616	Gruppelivsforsikring	01	Premieinntekter	A	110 000 000	109 745 869	-254 131
5309	Tilfeldige inntekter	29	Tilfeldige inntekter			119 515	
5607	Renter av bustadlånsordninga	80	Renter	A	975 000 000	976 749 867	1 749 867
5470	Statens pensjonskasse	30	Avsetjing til investeringsformål	A	75 000 000	75 000 000	-
5491	Avskr. på statens kapital i statens forretningsdrift	30	Avskrivningar			123 677 602	
5603	Renter av statens kapital i statens forretningsdrift	80	Renter av statens faste kapital			1 189 169	
5603	Renter av statens kapital i statens forretningsdrift	81	Renter av mellomvære			-1 265 102	
5700	Inntektene til folketrygda	72	Arbeidsgivaravgift			63 023 793	
Sum inntektsført					13 305 000 000	13 302 513 174	
Netto rapportert til løyvingrekneskapen						-2 536 681 499	
Kapitalkontoar							
60081201	Noregs Bank KK / innbetalingar					683 221 969	
60081202	Noregs Bank KK / utbetalingar					-488 329 386	
60081101	Noregs Bank KK / innbetalingar					36 555 268 252	
60081102	Noregs Bank KK / utbetalingar					-7 657 618 420	
724220	Endring i mellomvære med statskassa SPK forvaltningsbedrift					-24 553 965	
715510	Endring i mellomvære med statskassa SPK forsikring					-6 060 460	
71551090	Utbetalt ved NAV					-26 525 246 490	
Sum rapportert						-	

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen, 31.12.

Konto	Kontonamn	2018	2017	Endring
635106	Statens pensjonskasse – bustadlån til statstilsette	42 683 985 908	49 124 197 803	-6 440 211 895
680013	Statens pensjonskasse forvaltningsbedrift	431 185 704	472 104 457	-40 918 753
724220	Mellomvære med statskassa SPK forvaltningsbedrift	-178 286 528	-153 732 563	-24 553 965
715510	Mellomvære med statskassa SPK forsikring	-17 369 958	-11 309 499	-6 060 460

* Samla tildeling skal ikkje reduserast med eventuelle gitte belastningsfullmakter. Sjå note B for nærmare forklaring.

Note A | Forklaring av samla tildeling

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
611.01		17 000 000	17 000 000
612.01		4 739 000 000	4 739 000 000
612.22		-	-
612.70		173 000 000	173 000 000
613.01		3 000 000	3 000 000
613.70		21 000 000	21 000 000
614.01		28 000 000	28 000 000
614.70		2 000 000	2 000 000
614.90		4 900 000 000	4 900 000 000
615.01		85 000 000	85 000 000
616.01		199 000 000	199 000 000
3614.01		23 000 000	23 000 000
3614.90		12 000 000 000	12 000 000 000
3615.01		122 000 000	122 000 000
3616.01		110 000 000	110 000 000
5470.30		75 000 000	75 000 000
5607.80		975 000 000	975 000 000
2470.01		-664 825 000	-664 825 000
2470.02		434 922 000	434 922 000
2470.03		123 760 000	123 760 000
2470.04		1 249 000	1 249 000
2470.05		75 000 000	75 000 000
2470.06		11 691 000	11 691 000
Driftsresultat		-18 203 000	-18 203 000
2470.45	17 908 000	90 741 000	108 649 000
Sum 2470		72 538 000	90 446 000

Note B | Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift(-)/mindreutgift	Utgiftsført av andre i tråd med gitte belastningsfullmakter(-)	Meirutgift(-)/mindreutgift etter gitte belastningsfullmakter	Meirinntekter/mindreinntekter(-) i samsvar med meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
0611.01	Overslagsløyving	7 158 823	6 777 638	381 185	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell		
0614.01		-1 079 501		-1 079 501	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell		
2470.45	Kan overførast	25 890 151		25 890 151				25 890 151	25 890 151	25 890 151

* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av årets løyving på driftspostane 01–29, med unntak av post 24, eller summen av løyvingane for dei to siste åra på postar med stikkordet «kan overførast». Sjå årleg rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukne løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottatte belastningsfullmakter

SPK har fått belastningsfullmakter på kapittel 1700 post 21 og kapittel 1720 post 01. Dette gjeld i hovudsak ulike typar personskadar der SPK er gitt fullmakt til å behandle og betale ut mottatte erstatningskrav på vegner av Forsvarsdepartementet og Forsvarsstaben.

På kapittel 1700 post 21 har SPK fått belastningsfullmakt på 55 millionar kroner, og av desse har SPK nytta 48,5 millionar kroner i 2018. På kapittel 1720 post 01 har SPK fått belastningsfullmakt på 20,0 millionar kroner, og av desse har SPK nytta 13,3 millionar kroner i 2018.

SPK har òg fått belastningsfullmakt frå Stortinget på kapittel 0041 post 01 på 73,0 millionar kroner for utbetaling av pensjonar under pensjonsordninga for stortingsrepresentantar. SPK har nytta 66,7 millionar kroner av fullmaktene vi har fått.

I tillegg har SPK inntektsført 2,1 millionar kroner på kapittel 0471 post 71 «Statens erstatningsansvar» for ulike personskadeerstatningar som SPK behandlar og betaler ut på vegner av staten. Netto inntektsføring kjem av refusjonar frå arbeidsgivar.

Stikkordet «overslagsløyvingar»

Når stikkordet «overslagsløyving» er føydd til ei utgiftsløyving, gir det fullmakt til å overskrive løyvinga. Vilkår for å bruke stikkordet er at utgiftsbehovet følger av regelverk som Stortinget har vedtatt.

Dersom det er ubrukne midlar under overslagsløyvingar, er det ikkje behov for å overføre desse for å styrke budsjettet for neste år. Overslagsløyvingar gir tilstrekkeleg fleksibilitet ved at dei om nødvendig kan overskridast.

Gitte belastningsfullmakter (utgiftsførte av andre)

SPK har gitt Utanriksdepartementet fullmakt til å belaste kapittel 0611 post 01 med inntil 7,5 millionar i samband med utbetaling av gåvepensjon som statskassa gir til pensjonerte lokalt tilsette arbeidstakarar ved norske utanriksstasjonar.

Stikkordet «kan overførast»

Stikkordet «kan overførast» er knytt til kapittel 2470 post 45. Ubrukte løyvingar per utgangen av 2018 utgjør 25 890 151 kroner, og det er søkt om å overføre desse til 2019.

Oppstilling av artskontorrapporteringa

	2018	2017	2016
Driftsinntekter rapportert til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå tilskot og overføringer	-	400 000	800 000
Sals- og leigeinnbetalningar	661 969 227	657 709 712	642 177 532
Sum innbetalningar frå drift	661 969 227	658 109 712	642 977 532
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til lønn og sosiale utgifter	263 244 157	254 242 755	281 610 922
Offentlege refusjonar som gjeld lønn	-9 181 826	-11 113 828	-11 782 157
Utgifter til avskrivningar	123 677 602	121 354 490	121 049 245
Andre utbetalningar til drift	167 315 341	161 011 808	157 382 513
Sum utbetalningar til drift	545 055 274	525 495 225	548 260 524
Netto rapporterte driftsutgifter	-116 913 953	-132 614 487	-94 717 008
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	1 265 102	804 299	783 211
Sum investerings- og finansinntekter	1 265 102	804 299	783 211
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	82 758 849	44 874 073	42 337 847
Utbetaling av finansutgifter	1 189 169	2 872 158	5 085 956
Sum investerings- og finansutgifter	83 948 018	47 746 231	47 423 803
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	82 682 916	46 941 932	46 640 592
Disponeringar			
Avsetjing til investeringsformål (ref. post 24 underpost 05)	75 000 000	38 070 000	33 070 000
Til/frå reguleringsfond (ref. post 24 06)	23 786 886	70 340 628	29 839 263
Sum disponeringar	98 786 886	108 410 628	62 909 263
Netto utbetalt lån			
Innbetalningar frå bustadlånsordninga	-11 807 626 760	-13 073 878 432	-20 072 651 066
Utbetalt frå bustadlånsordninga	5 367 414 865	3 994 294 279	3 426 693 003
Sum netto utbetalt utlån	-6 440 211 895	-9 079 584 153	-16 645 958 063

	2018	2017	2016
Netto innkrevjingsverksemd som gjeld låneordninga			
Inntekter som gjeld låneordninga			
Renteinntekter og forseinkingsrenter	976 749 867	1 173 390 604	1 506 454 712
Tilfeldige inntekter	119 515	18 354	-
Gebyrinntekter	23 764 482	24 943 644	27 940 146
Sum inntekter som gjeld låneordninga (A)	1 000 633 864	1 198 352 602	1 534 394 858
Kostnader som gjeld låneordninga			
Tap på utlån	429 931	370 407	-106 868
Administrasjonskostnader	29 079 501	30 878 949	34 824 092
Sum kostnader som gjeld låneordninga (B)	29 509 432	31 249 356	34 717 223
Netto innkrevjing som gjeld låneordninga (A-B)	971 124 432	1 167 103 246	1 499 677 635
Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten			
Netto utbetalt pensjon og forsikringsytningar	4 501 218 885	5 231 690 864	11 983 465 348
Administrasjonskostnader	570 505 555	566 315 733	549 932 184
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	5 071 724 440	5 798 006 597	12 533 397 532
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Arbeidsgivaravgift (ref. kap. 5700, inntekt)	63 023 793	66 052 871	1 172 848 539
Avsetjing til investeringsformål (ref. kap. 5470)	75 000 000	38 070 000	33 070 000
Avskrivningar (ref. statskonto 5491.30)	123 677 602	121 354 490	121 049 245
Renter av statens kapital (ref. kap. 5603.80)	1 189 169	2 872 158	5 034 374
Renter av mellomvære (ref. kap. 5603.81)	-1 265 102	-804 299	-756 248
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel	-261 625 461	-227 545 220	-1 331 245 911
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen	-2 536 681 499	-4 653 487 949	-6 928 651 231

Oppstilling av artskontorapporteringa, framhald

Samla oversikt over mellomvære med statskassa

Eigedelar og gjeld	2018	2017	2016
Fordringar på tilsette	100 781	-	-
Fordringar – andre kortsiktige fordringar	-2 380 415	-1 413 655	-1 877 371
Fordringar – avsetjing tap på fordringar	-	-	-
Reguleringsfond	-164 865 126	-141 078 240	-70 737 612
Skyldig skattetrekk	-10 951 257	-10 145 834	-10 853 784
Skyldige offentlege avgifter	-2 675 632	-2 739 428	-2 621 585
Anna gjeld – påkomne kostnader	-8 451	74 329	68 509
Anna gjeld – anna kortsiktig gjeld	-14 876 385	-9 739 233	-3 727 108
Anna gjeld – ukjente innbetalningar	-	-	-
Sum mellomvære med statskassa *	-195 656 486	-165 042 061	-89 748 951

* Fordeling «Sum mellomvære med statskassa»:

Mellomvære SPK forvaltningsbedrift (rekneskapsfører nummer 724220)

Anna gjeld – forskot/lån	100 781	-6 035	-
Andre kortsiktige fordringar – depositum/interimskonto	-16 045	-14 664	-
Reguleringsfond	-164 865 126	-141 078 240	-70 737 612
Skyldig skattetrekk	-10 830 506	-9 894 195	-10 310 902
Skyldig meirverdiavgift	-2 675 632	-2 739 428	-2 661 042
Sum	-178 286 528	-153 732 563	-83 709 556

Mellomvære SPK forsikring (rekneskapsfører nummer 715510)

Fordring – forskot/lån	-2 364 371	-1 392 955	-1 858 614
Anna gjeld – forskotstrekk og andre trekk	-120 751	-251 639	-503 425
Anna gjeld – påkomne kostnader	-8 451	74 329	14 967
Anna gjeld – avrekningskontoar andre	-14 876 385	-9 739 233	-3 692 323
Sum	-17 369 958	-11 309 499	-6 039 395
Totalt mellomvære	-195 656 486	-165 042 061	-89 748 951

Rekneskapsprinsipp for løyving- og artskontorrapportering

Årsrekneskapar for statlege verksemdar er utarbeidde og avlagde etter nærmare retningslinjer fastsette i føresegnar om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen følger krava i føresegnene punkt 3.4.1, nærmare føresegnar i Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2016 og eventuelle tilleggskrav som det overordna departementet har vedtatt.

Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen.

- Rekneskapen følger kalenderåret.
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyving- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Basert på føringar frå DFØ er inntekts- og utgiftsstraumane for pensjons- og forsikringsyttingane plasserte i same kontogruppe og er derfor presenterte netto. Prinsippa svarer til krava i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja netto rapportert til løyvingrekneskapen er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt statens konsernkontoordning i Noregs Bank i tråd med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved overgang til nytt år blir saldoen nullstilt på kvar enkelt oppgjerskonto.

Løyvingrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemdene har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrevet for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigarar og forplikningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Forvaltningsbedrifter får ei nettoløyvinga på post 24 «Driftsresultat», men rapporterer brutto til løyvingrekneskapen under post 01 til 06. I løyvingrapporten er desse presenterte samla under utgiftskapitla.

Mottatte fullmakter til å belaste kapittel/post hos ei anna verksemd (belastningsfullmakter) er ikkje viste i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyvingoppstillinga. Utgiftene i samband med mottatte belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og er viste i kolonnen for rekneskap.

Gitte belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Gitte belastningsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått dei, og dei er derfor ikkje viste i kolonnen for rekneskap. Dei gitte fullmaktene er førte opp i note B til løyvingoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser rekneskapstal som er rapporterte til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser eigarar og gjeld som inngår i mellomværet med statskassa.

Rapporterte tal for Statens pensjonskasse forsikring er klassifiserte som gjennomstrøymingspostar og er viste under «Netto utbetalt lån», «Netto innkrevjingsverksemd som gjeld låneordninga» og «Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten» i oppstillinga. Denne klassifiseringa i artskontorrapporteringa er gjort for å harmonere med resultatoppstillinga i verksemdsrekneskapen. Klassifiseringa som gjennomstrøymingspostar er av jamføringsomsyn ikkje harmonert med standard rapportering til statsrekneskapen for dei artskontoane SPK nyttar.

Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og er derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Resultatrekneskap

	Note	31.12.2018	31.12.2017	31.12.2016
Driftsinntekter				
Inntekt frå tilskot og overføringar	1	425 000	400 000	800 000
Salsinntekter	1	660 915 669	659 485 526	641 284 925
Sum driftsinntekter		661 340 669	659 885 526	642 084 925
Driftskostnader				
Lønnskostnader	2	259 464 888	236 959 076	267 246 487
Avskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	3, 4	123 760 191	121 354 490	121 049 245
Andre driftskostnader	5	171 897 813	159 853 442	155 746 966
Sum driftskostnader		555 122 892	518 167 008	544 042 698
Driftsresultat		106 217 777	141 718 518	98 042 227
Finansinntekter og finanskostnader				
Finansinntekter	6	1 280 597	828 755	783 211
Rentekostnad av statens kapital	6	1 189 169	2 872 158	5 034 374
Andre finanskostnader	6	37 571	33 691	51 582
Sum finansinntekter og finanskostnader		53 856	-2 077 094	-4 302 745
Resultat av aktivitetane i perioden		106 271 634	139 641 424	93 739 482
Avrekningar og disponeringar				
Driftsresultat post 24 – kontant til statskassa		18 203 000	22 136 000	27 505 000
Til/frå reguleringsfond	7	23 786 886	70 340 628	29 839 263
Avsetjing til investeringsformål	7	75 000 000	38 070 000	33 070 000
Anna disponering av resultat for forvaltningsbedrifta	7	-10 718 253	9 094 796	3 325 219
Sum avrekningar og disponeringar		106 271 634	139 641 424	93 739 482

Resultatrekneskap, framhald

	Note	31.12.2018	31.12.2017	31.12.2016
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten				
Bustadlånsordninga i SPK				
Inntekter				
Renteinntekter lån	8	976 749 867	1 173 390 604	1 506 454 712
Andre inntekter	8	119 515	18 354	-
Gebyr lån	8	23 764 482	24 943 644	27 940 146
Sum inntekter bustadlånsordninga		1 000 633 864	1 198 352 602	1 534 394 858
Utgifter				
Tap på utlån	8	429 931	370 407	-106 868
Administrasjonskostnader	8	29 079 501	30 878 949	34 824 092
Sum utgifter bustadlånsordninga		29 509 432	31 249 356	34 717 223
Resultat bustadlånsordninga i SPK		971 124 432	1 167 103 246	1 499 677 635
Avrekning med statskassa andre overføringar		-971 124 432	-1 167 103 246	-1 499 677 635
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		-	-	-

	Note	31.12.2018	31.12.2017	31.12.2016
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten				
Pensjons- og forsikringsordningar				
Inntekter				
Pensjonspremie	9	22 580 149 132	20 739 508 899	14 432 824 006
Yrkesskadepremie	9	122 881 220	127 520 267	132 705 765
Gruppelivspremie	9	109 745 869	107 846 305	105 909 984
Sum premieinntekter		22 812 776 221	20 974 875 471	14 671 439 755
Innbetalt sluttoppgjær utmelde kundar	9	2 351 315	27 642 885	
Forseinkingsrenter, purregebyr m.m.	9	2 016 968	2 206 208	
Sum andre inntekter		4 368 283	29 849 093	-
Utgifter				
Utbetalte pensjonar inkl. renter ved for sein utbetaling	10	27 551 928 648	26 385 715 918	25 823 251 562
Refusjon utbetalt for andre ordningar	10	-614 404 515	-549 344 048	-798 946 232
Avskrivning utbetalte pensjonar	10	37 457 490	49 154 153	45 867 837
Renter ved for seint utbetalte refusjonspensjonar	10	473 124	501 580	-
Netto utbetalte personskade- og gruppelivserstatningar (inkl. avgift NAV og div. honorar)	10	311 214 976	308 429 917	268 844 026
Sum utbetalte pensjonar og erstatningar		27 286 669 723	26 194 457 520	25 339 017 193
Administrasjonskostnader	10	575 730 555	572 260 733	549 932 184
Netto utbetalte vartpengar og arbeidsgivaravgift	10	2 468 666	4 012 908	-
Berekna arbeidsgivaravgift til folketrygda	10	24 000 000	32 000 000	-
Sum andre utgifter		602 199 221	608 273 641	549 932 184
Netto pensjons- og forsikringsordningar		-5 071 724 440	-5 798 006 597	-11 217 509 622
Avrekning med statskassa andre overføringar		5 071 724 440	5 798 006 597	11 217 509 622
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		-	-	-

Balanse/eigedelar

	Note	31.12.2018	31.12.2017	31.12.2016
EIGEDELAR				
A. ANLEGGSMIDDEL				
I Immaterielle eigedelar				
Programvare	3	361 864 049	404 639 602	506 469 537
Immaterielle eigedelar under utføring	3	49 786 225	47 190 136	20 379 127
Sum immaterielle eigedelar		411 650 274	451 829 738	526 848 664
II Varige driftsmiddel				
IT-utstyr og inventar	4	19 535 430	20 357 308	21 818 799
Sum varige driftsmiddel		19 535 430	20 357 308	21 818 799
III Finansielle anleggsmidler				
Renteberande utlån	8	42 683 985 908	49 124 197 803	58 203 781 956
Sum finansielle anleggsmidler		42 683 985 908	49 124 197 803	58 203 781 956
Sum anleggsmidler		43 115 171 612	49 596 384 850	58 752 449 420
B. OMLØPSMIDDEL/-MIDLAR				
I Behaldningar av varer og driftsmateriell				
II Fordringar				
Kundefordringar	11	5 851 635	6 270 934	4 874 683
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	12	-	684 000	-
Andre fordringar	12	7 609 063	5 709 315	5 475 120
Sum fordringar		13 460 699	12 664 250	10 349 802
III Bankinnskot, kontantar og liknande				
Sum omløpsmidlar		13 460 699	12 664 250	10 349 802
Sum eigedelar		43 128 632 311	49 609 049 099	58 762 799 222

Balanse / statens kapital og gjeld

	Note	31.12.2018	31.12.2017	31.12.2016
STATENS KAPITAL OG GJELD				
C. STATENS KAPITAL				
I Verksemdskapital				
Reguleringsfond		164 865 126	141 078 240	70 737 612
Opptent verksemdskapital		334 800 865	270 519 118	117 421 635
Sum verksemdskapital	7	499 665 992	411 597 358	188 159 247
II Avrekninger				
Avrekna med statskassa (bruttobudsjetterte)	7A, 7B	-178 286 528	-153 174 209	-83 151 202
Sum avrekninger		-178 286 528	-153 174 209	-83 151 202
III Statens finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmiddel				
IV Lånemellomvære med staten				
Lånemellomvære med staten	8	42 683 985 908	49 124 197 803	58 203 781 956
Sum lånemellomvære med staten		42 683 985 908	49 124 197 803	58 203 781 956
V Statens renteberande kapital				
Statens renteberande kapital		45 446 591	161 365 344	275 915 761
Sum statens renteberande kapital		45 446 591	161 365 344	275 915 761
Sum statens kapital		43 050 811 963	49 543 986 297	58 584 705 762

	Note	31.12.2018	31.12.2017	31.12.2016
D. GJELD				
I Avsetjing for langsiktige forpliktingar				
Pensjonsforpliktingar	2	-	-	105 932 687
Sum avsetjing for langsiktige forpliktingar		-	-	105 932 687
II Anna langsiktig gjeld				
III Kortsiktig gjeld				
Leverandørgjeld	13	14 838 739	8 130 489	13 447 428
Skyldig skattetrekk		10 830 506	9 894 195	10 350 359
Skyldige offentlege avgifter		6 342 166	6 214 106	6 128 111
Avsette feriepengar		25 256 944	24 199 453	24 589 136
Anna kortsiktig gjeld	14	20 551 993	16 624 560	17 645 740
Sum kortsiktig gjeld		77 820 348	65 062 803	72 160 773
Sum gjeld		77 820 348	65 062 803	178 093 460
Sum statens kapital og gjeld		43 128 632 311	49 609 049 099	58 762 799 222

Rekneskapsprinsipp

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) og i tråd med tilrådingar frå Direktoratet for økonomistyring (DFØ).

Rekneskapsorganisering

SPK er organisert i fleire «selskap» – eitt selskap (SPK forvaltning) som leverer tenester til dei ulike «ordningane» som SPK administrerer, og to selskap der rekneskapen for ordningane er organisert (SPK forsikring og Pensjonsordning for apotekverksemd).

Inndelinga er å oppfatte som ein intern rekneskapsstruktur. Med tilvising til føresegner om økonomistyring i staten punkt 3.4.1 er det lagt til grunn at SPK skal legge fram ein samanstilt rekneskap for dei delane som inngår i statlege budsjettkapittel (SPK forvaltning og SPK forsikring).

SPK stiller vidare opp ein separat rekneskap for Jernbanens Pensjonskassefond, som blei overført til SPK i 1974. Pensjonsordning for apotekverksemd har eigen årsrapport.

Resultatpostar knytte til pensjons- og forsikringsordningane og bustadlansordninga er presenterte som gjennomstrøymingspostar under høvesvis overskriftene «Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten» og «Tilskotsforvaltning og andre overføringar til staten». Desse tala følger kontantprinsippet i tråd med det gjeldande økonomiregelverket i staten, og derfor blir ikkje balansepostane som er knytte til desse postane, presenterte. Unntaket er balanseposten knytt til utlansporteføljen, som følger statsbankregelverket.

Interne transaksjonar mellom driftsrekneskapen og gjen-

nomstrøymingspostane er ikkje eliminerte, sidan dei gjeld reelle pengestraumar som påverkar ulike delar av rekneskapen. Tilsvarende er reskontropostar i driftsrekneskapen førte opp, sjølv om det ikkje finst bokførte motpostar i dei kontante gjennomstrøymingspostane.

Transaksjonsbaserte inntekter

Salsinntektene blir resultatførte når dei er tente opp. Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Sal av tenester blir inntektsførte i takt med utføringa.

Motsett samanstilling og inntekt frå løyving, tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatførte i den perioden då aktivitetane inntektene skal finansiere, er blitt utførte, det vil seie i den perioden kostnadene kjem til (motsett samanstilling). Som forvaltningsbedrift inntektsfører ikkje SPK inntekt frå løyving, med unntak av belastningsfullmakter vi får frå andre departement.

Driftskostnader

Kostnader som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir normalt rekneskapsførte i same periode som den tilhøyrande inntekta.

Kontoklassane lønn / sosiale kostnader og andre driftskostnader blir reduserte med dei kostnadene som inngår i aktiverte prosjekt. Reduksjonen blir bokført på eigne kontoar, slik at brutto påkomne kostnader kan identifiserast. Basis for aktiveringa er direkte prosjektkostnader eller timekostnader for eksterne og interne tilsette baserte på standardiserte timeprisar.

Pensjoner

SPK bokfører pensjonar til eigne tilsette i tråd med SRS 25, punkt 38 og 41, og resultatfører berre arbeidsgivardelen av pensjonspremien som pensjonskostnad.

Reelle pensjonskostnader er berekna og synleggjorde som eit tillegg til note 2.

Gjennomstrøymingspostar

Rekneskapstala for ordningane som SPK forvaltar, er i resultatrekneskapen presenterte under overskriftene «Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten» og «Tilskotsforvaltning og andre overføringar til staten», og er ikkje definerte som gjennomstrøymingspostar. Desse tala er bokførte etter kontantprinsippet og er utarbeidde med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følger kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

For statsbankar er det gjort unntak frå kontantprinsippet ved rapportering til statsrekneskapen, jamfør omtale i Prop. 1 S (2009–2010). Opptente renteinntekter blir rapporterte som ei inntekt til statsrekneskapen.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel er varige og betydelege eigedelar som verksemda disponerer. Med varig er det meint ei utnyttbar levetid på 3 år eller meir. Med betydeleg er det meint

enkelstående anskaffingar (kjøp) med anskaffingskost på 30 000 kroner eller meir. Anleggsmiddel er balanseførte til anskaffingskost med avskrivning trekke frå.

SPK er ei forvaltningsbedrift og avvik dermed frå SRS 17 punkt 48 ved at vi bereknar avskrivningar av kapital som er bokført per 31. desember året før budsjettåret i verksemdsrekneskapen, jamfør løyvingreglementet § 7 og rettleiaren til statleg budsjettarbeid punkt 2.6.2.2.

Anleggsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved ei eventuell bruksending, dersom den verkelege verdien er lågare enn den balanseførte verdien.

Immaterielle eigedelar

Eksternt innkjøpte immaterielle eigedelar og eigenutvikla programvare for saksbehandlingsløysingar som er sentral i drifta av verksemda, blir balanseførte og avskrivne over levetida til driftsmiddelet, jamfør SRS 17.

SPK balansefører prosjektkostnaden månadleg og aktiverer ein berekna utviklingskost for dei delane av programvara som er tatt i bruk ved årsskiftet. Kostnad ved bruk av egne tilsette og eksterne konsulentar blir belasta prosjekta gjennom timeføring og standardiserte timeprisar for ulike ressursgruppekategori. Vidare blir direkte kjøp i prosjekta og fordelte kostnader i samband med prosjektadministrative funksjonar (Programkontoret) inkluderte.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne over si økonomiske levetid.

Kontorinventar og datamaskiner (PC-ar, serverar m.m.) med ei utnyttbar levetid på 3 år eller meir er balanseførte som egne grupper. SPK har ein årleg gjennomgang av driftsmidla der kasserte driftsmiddel blir protokollførte og fjerna frå balansen.

Klassifisering og vurdering av omløpsmiddel og kortsiktig gjeld

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Attstående postar er klassifiserte som anleggsmiddel / langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel blir vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. Fordringar knytte til pensjonspremie er ikkje førte opp i balansen, sidan gjennomstrøymingspostane blir førte i samsvar med kontantprinsippet.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte til kursen ved utgangen av rekneskapsåret. Her er Noregs Banks spotkurs per 31.12. lagd til grunn.

Statens kapital

Statens kapital består av verksemdskapital, avrekningar og statens finansiering av immaterielle eigedelar og varige

driftsmiddel i tråd med oppdatert SRS 1 «Oppstillingsplaner for resultatregnskap og balanse». Rekneskapslinja for eigenfinansierte investeringar er innarbeidd i posten for «Opptent verksemdskapital». SPK er ei forvaltningsbedrift og finansierer investeringane sine delvis ved lån frå fagdepartementet, og ikkje etter SRS 10 som inntekt frå løyving. Derfor set ikkje SPK av til Statens finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel.

Reguleringsfond

Som forvaltningsbedrift har SPK høve til å setje av til reguleringsfond dersom driftsresultatet er høgare enn det budsjetterte overskotskravet. Avsetjinga til reguleringsfondet inngår i disponeringa av overskotet og er ein del av verksemdskapitalen.

Avrekningar

For bruttobudsjetterte verksemder er nettobeløpet av alle balansepostar, med unntak av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel, finansierte av linja avrekna med statskassa. Bruttobudsjetterte verksemder presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskott. Konsernkontoane inngår i avrekna med statskassa.

Finansiering av anleggsmiddel

Investeringar blir delvis finansierte ved lån frå fagdepartementet. Lånebeløpet er ført opp som langsiktig gjeld i balansen. Avskrivningar reduserer balanseført verdi av lånet.

Ved realisasjon/avgang av driftsmiddel blir rekneskapsmessig vinst/tap resultatført. Vinst/tap blir berekna som forskjellen mellom salsvederlaget og balanseført verdi på realisasjonstidspunktet.

Renteberande utlån og lånemellomvære med staten

Renteberande utlån er den rekneskapsmessige kontant-beholdninga av statens bustadlånsordning. Endringa av denne beholdninga er knytt til inn- og utbetalingar på kapittel 0614 post 90 og 3614 post 90 og er presentert på konto 635106 i statsrekneskapen.

Motposten viser det lånemellomværet Statens pensjonskasse har med staten for å finansiere bustadlånsordninga.

Renteberande utlån og lånemellomvære med staten er òg viste i balansen i den samanstilte rekneskapen, som følge av eige regelverk for statsbankane.

Kontantstraumoppstilling

Det er ikkje utarbeidd kontantstraumoppstilling. Tilnærma lik informasjon er presentert i artskontorapporteringa som ein del av årsrekneskapen. Artskontorapporteringa er ei samanstilling for begge selskapa og er tilpassa for å kunne jamførast med resultatoppstillinga.

Statlege rammevilkår

Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er derfor ikkje tatt med postar i balanse eller resultatrekneskap som skal reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.

Statens konsernkontoordning

Statlege verksemdar er omfatta av statens konsernkontoordning. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot oppgjerskontoane verksemda har i Noregs Bank. SPK blir dermed ikkje tilført likvidar gjennom året. Verksemdene har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Saldoen på den enkelte oppgjerskontoen i Noregs Bank blir nullstilt ved overgangen til nytt rekneskapsår.

Notar


Note 1 | Driftsinntekter

	31.12.2018	31.12.2017	31.12.2016
Inntekt frå løyvingar			
Inntekt frå løyvingar, tilskot og overføringar ¹⁾	425 000	400 000	800 000
Sum inntekt frå løyvingar, tilskot og overføringar	425 000	400 000	800 000
Salsinntekter			
Administrasjon av pensjonsordningane	568 450 026	561 527 874	548 418 270
Administrasjon av bustadlånsordninga	28 929 331	30 885 658	34 869 976
Administrasjon av gruppelivs- og yrkesskadeordningane	20 106 000	25 032 958	19 916 260
Inntekter kapitalforvaltning	16 052 466	14 814 602	13 421 273
Inntekter frå kursverksemd	14 689 703	14 790 438	12 580 360
Inntekter frå GKRS-NRS	9 163 087	9 397 234	8 784 668
Andre salsinntekter ²⁾	3 525 057	3 036 762	3 294 117
Sum salsinntekter	660 915 669	659 485 526	641 284 925
Sum driftsinntekter	661 340 669	659 885 526	642 084 925

1) Mottatt belastningsfullmakt for forsikringsprosjekt offentlig tenestepensjon, korrigering frå tidlegare år.


2) I andre salsinntekter inngår administrasjon av overføringsavtalen, 2 998 985 kroner og gebyr for manglande innrapportering av lønns- og stillingsdata frå verksemdar, 526 072 kroner.

Spesifikasjon av driftsinntekter 2018



- Administrasjon av pensjonsordningane – 86 %
- Administrasjon av bustadlånsordninga – 4 %
- Administrasjon av gruppelivs- og yrkesskadeordningane – 3 %
- Inntekter kapitalforvaltning – 2 %
- Inntekter frå kursverksemd – 2 %
- Inntekter frå GKRS-NRS – 1 %
- Andre salsinntekter – 1 %

Administrasjon av pensjonsordningane



- Forvaltning av løpande pensjonar – 61 %
- Nye pensjonar – 6 %
- Yrkesaktive medlemmar – 21 %
- Oppsette medlemmar – 11 %

Note 2 | Lønnskostnader

	31.12.2018	31.12.2017	31.12.2016
Lønn ¹⁾	212 665 096	200 865 634	207 651 767
Lønn balanseført ved eigenutvikling av anleggsmiddel ³⁾	-39 692 504	-20 739 290	-22 111 642
Feriepenger	25 977 841	24 686 734	25 195 908
Arbeidsgivaravgift	36 441 897	31 465 338	35 542 238
Pensjonskostnader ⁴⁾	27 112 438	6 017 793	25 583 015
Sjukepenger og andre refusjonar ²⁾	-8 829 320	-11 425 392	-10 808 137
Andre ytingar	5 789 438	6 088 259	6 193 337
Sum lønnskostnader	259 464 888	236 959 076	267 246 487
Gjennomsnittleg årsverk:	375	370	385
Årsverk ved enden av perioden:	374	371	383

- 1) Lønnsutgiftene for 2018 auka nominelt med 6 prosent frå 2017, som følge av generell lønnsutvikling og noko auke i talet på årsverk.
Lønn til administrerande direktør utgjorde 1 435 808 kroner. I tillegg kjem naturalytingar som omfattar dekking av elektronisk kommunikasjon og avis.
Administrerande direktør er omfatta av same pensjonsavtalen som andre tilsette i staten.
Avsette pensjonskostnader til administrerande direktør for 2018 utgjør 157 050 kroner.
- 2) Sjukepenger og andre refusjonar blei reduserte med 23 prosent jamført med 2017. Reduksjon i sjukefråvær er resultat av ei rekke personalretta tiltak.
- 3) Balanseførte lønnskostnader gjeld bruk av egne tilsette til utvikling av fagsystem. Auken på 91 prosent frå 2017 er som følge av pensjonsreformarbeidet.
- 4) Pensjonsutgiftene for eiga drift var frå og med 2017 bokført i samsvar med Statlig RegnskapsStandard 25, som inneber at berre pensjonspremien (arbeidsgivardelen) blir resultatført som pensjonskostnad. SPK blir fakturert som «Fiktivt fond»-kunde i tråd med aktuarmessige prinsipp.
Den aktuarberekna premiesatsen for 2018 var på 13,7 prosent. Premiesatsen for 2017 var på berre 4,6 prosent, som følge av overfinansiering frå tidlegare år.

I oppstillinga under presenterer vi netto pensjonsforplikting og årets netto pensjonskostnad for eiga drift, i tråd med prinsippa i Norsk RegnskapsStandard 6 frå Norsk Regnskapsstiftelse.

Føresetnader:	2018	2017	2016
Avkastning på pensjonsmidlar	1,90 %	2,00 %	2,10 %
Diskontineringsrente	2,60 %	2,40 %	2,60 %
Årleg lønnsvekst	2,75 %	2,50 %	2,50 %
Årleg G-regulering	2,50 %	2,25 %	2,25 %
Årleg regulering av alderspensjon under utbetaling	1,75 %	1,50 %	1,50 %
Arbeidsgivaravgiftssats	14,10 %	14,10 %	14,10 %
Gjennomsn. gjenv. oppt.tid.	12	12	13

Samansetjing av netto pensjonskostnader:	2018	2017	2016
Noverdi av årets pensjonsopptening	30 258 123	29 477 232	26 520 402
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	12 688 483	12 750 455	11 650 193
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	-7 397 948	-7 433 350	-8 211 572
Administrasjonskostnad	809 058	789 510	775 547
Netto pensjonskostnad før amortisering	36 357 716	35 583 847	30 734 570
Resultatført estimatavvik	854 358	431 939	-
Netto pensjonskostnad før arbeidsgivaravgift	37 212 074	36 015 786	30 734 570
Berekna arbeidsgivaravgift	5 126 438	5 017 322	4 333 574
Netto pensjonskostnad inkl. arbeidsgivaravgift	42 338 512	41 033 108	35 068 144
Av dette: aga. av resultatført estimatavvik	105 578	53 377	-

Samansetjing av netto pensjonsforplikting:	2018	2017	2016
Brutto pensjonsforplikting	560 182 767	534 055 880	495 915 863
Pensjonsmidlar (fiktivt fond)	382 166 624	359 836 589	354 689 319
Ikkje-resultatført estimatavvik	-54 150 501	-55 791 311	-48 384 575
Netto pensjonsforplikting før arbeidsgivaravgift	123 865 642	118 427 980	92 841 969
Arbeidsgivaravgift	17 465 056	16 698 345	13 090 718
Netto pensjonsforplikting inkludert arbeidsgivaravgift	141 330 698	135 126 325	105 932 687

Note 3 | Immaterielle egedelar

	Programvare og liknande rettar	Immaterielle egedelar under utføring	Sum
Anskaffingskost 01.01.2018	1 236 683 870	47 190 136	1 283 874 007
Tilgang i 2018	74 407 177	77 003 266	151 410 444
Avgang anskaffingskost i 2018 (-)	-	-74 407 177	-74 407 177
Anskaffingskost 31.12.2018	1 311 091 048	49 786 225	1 360 877 273
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2018	832 044 268	-	832 044 268
Ordinære avskrivningar i 2018	117 182 730	-	117 182 730
Akkumulerte avskrivningar avgang i 2018 (-)	-	-	-
Balanseført verdi 31.12.2018	361 864 049	49 786 225	411 650 274
Avskrivningssatsar (levetider)	5–10 år / lineært		

Balanseført verdi av eigenutvikla pensjonssystem Puma utgjorde 80 prosent av «Programvare og liknande rettar» per 31.12.2018.

Immaterielle egedelar under utføring er primært knytt til pensjonsprogrammet Pro 25 (modernisert premiesystem, nytt samordningsregelverk, ny arbeidsflate i pensjonssystemet), 45 millionar kroner.

Note 4 | Varige driftsmidlar

	IT-utstyr	Inventar	Sum
Anskaffingskost 01.01.2018	29 289 107	11 573 948	40 863 054
Tilgang i 2018	5 372 525	383 058	5 755 583
Avgang/korreksjonar anskaffingskost i 2018 (-)	-9 520 605	-	-9 520 605
Anskaffingskost 31.12.2018	25 141 026	11 957 006	37 098 032
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2018	18 247 524	2 258 222	20 505 746
Ordinære avskrivningar i 2018	5 399 116	1 178 345	6 577 461
Akkumulerte avskrivningar avgang i 2018 (-)	-9 520 605	-	-9 520 605
Balanseført verdi 31.12.2018	11 014 991	8 520 439	19 535 430
Avskrivningssatsar (levetider)	3–5 år lineært	3–10 år lineært	

Note 5 | Andre driftskostnader

	31.12.2018	31.12.2017	31.12.2016
Kjøp av tenester fra eksterne ¹⁾	129 687 241	105 684 014	101 941 980
Kjøp av tenester fra eksterne – balanseført ¹⁾	-35 965 189	-19 392 161	-15 253 817
Annan driftskostnad – balanseført ²⁾	-654 261	-316 194	-30 707
Drift og vedlikehold av programvare, inventar o.l. ³⁾	23 723 844	20 992 964	16 847 618
Drift og vedlikehold av lokale ⁴⁾	6 741 816	6 453 995	5 740 262
Husleige ⁴⁾	30 294 673	29 767 148	28 305 833
Kurs og konferansar ⁵⁾	6 701 809	5 308 279	5 325 891
Telefoni og datakommunikasjon	2 901 549	2 734 409	2 865 550
Porto ⁶⁾	1 738 280	2 476 593	3 080 103
Reiser og diett	1 949 861	1 947 553	1 362 116
Mindre utstyrsanskaffingar	1 183 155	432 855	692 026
Leige av maskiner, inventar og liknande	279 643	215 893	325 967
Kontorkostnader	3 315 394	3 548 094	4 544 144
Sum andre driftskostnader	171 897 813	159 853 442	155 746 966

Oversikt over årlege leigebeløp i samsvar med operasjonelle leigeavtalar	Varigheit mellom eitt og fem år	Varigheit over fem år	Sum
Husleigeavtalar	-	30 136 752	30 136 752
Felleskostnader til gardeigar	-	3 595 437	3 595 437
Andre leigeavtalar (vedlikehaldsavtalar IT/programvare)	15 728 488	-	15 728 488
Sum leigeavtalar *	15 728 488	33 732 189	49 460 677

* Berre vesentlege leigeavtalar er spesifiserte.

- Netto kostnad ekstern bistand har auka med 23 prosent jamført med 2017. Auken er knytt til reformperioden og utvikling av IT-system for nytt pensjonsprogram. Balanseføring av ekstern bistand gjeld bistand til utvikling av saksbehandlingsløyisingar som er sentrale for drifta av verksemda. For 2018 blei det ein auke på 85 prosent jamført med 2017. Dette er primært knytt til pensjonsprogrammet Pro 25 (modernisert premiesystem, nytt samordningsregelverk, ny arbeidsflate i pensjonssystemet) og til utskiftinga av «regelverksmotoren» i saksbehandlingsløyisinga.
- Balanseføring av annan driftskostnad gjeld direkte kostnader til utvikling av sentrale saksbehandlingsløyisingar.
- Drift og vedlikehold av programvare har vakse med 13 prosent som følge av større behov for lisensar for fleire system.
- Kostnader til husleige, drift og vedlikehold av lokale har auka med 2 prosent som følge av prisregulering på husleige og felleskostnader og eit noko høgare vedlikehaldsbehov.
- Kurs og konferansar har auka med 26 prosent og kjem av ei styrkt satsing på kompetanseutvikling av eigne tilsette.
- Portokostnadene er reduserte med 30 prosent, som kjem av at ein større del av kommunikasjonen skjer digitalt.

Note 6 | Finansinntekter og finanskostnader

	31.12.2018	31.12.2017	31.12.2016
Finansinntekter			
Renteinntekt (mellomvære med statskassa)	1 265 102	804 299	756 248
Valutavinst (agio)	9 395	19 211	21 185
Anna finansinntekt	6 100	5 245	5 779
Sum finansinntekter	1 280 597	828 755	783 211
Finanskostnader			
Renter av statens kapital	1 189 169	2 872 158	5 034 374
Valutatap (disagio)	30 848	23 697	35 075
Annan finanskostnad	6 723	9 993	16 507
Sum finanskostnader	1 226 740	2 905 849	5 085 956

Mellomværet med statskassa fungerer som «kassekreditten» til verksemda.

Statens pensjonskasse finansierer delar av investeringane i driftsmiddel med lån frå statskassa. Lånet blir omtalt som «Statens renteberande kapital» og er klassifisert under «Statens kapital» i balansen. Rentesatsen blir fastsett av Finansdepartementet med utgangspunkt i renta på 5-års statsobligasjonslån.

Rentesatsen for lån i 2018 var 1,15 prosent.

Finansinntektene for 2018 auka med 55 prosent som følge av høgare rentenivå, mens finanskostnadene blei reduserte med 58 prosent som følge av nedbetalingar av lånesaldo.

Note 7 | Verksemdskapital

	2018	2017	2016
